

PROSESS

17 av 19 uker av arbeidet fram mot levering av masteroppgave
bulder thov sanden 2013


bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

[archive](#)[random post](#)[subscribe](#)**Innlevering**00:11
16th DEC 2013

Klokka er nå 06.09. nesten tre timer til innlevering mandags morgen. Eg har ikkje bestemt meg enno om eg skal prioritere å få blogga om valga eg har tatt siste to vekene. Modellane byrjer å bli ferdig, plotten kom ut på lørdag, og få tatt modellbilde og få desse inn i heftet er pri 1. Kanskje siste innlegg. God jol.

10:26
8th DEC 2013




Utanfor vil eg ha ståande kledning for å understreke kontinuiteten rundt forma(bygget). Inne vil eg ha liggende kledning for å understreke retningen ut. Samme grep og effekt vil vere i stuа.

05:06
4th DEC 2013

Skala og detaljering

Kva for skala skal eg tegne i? Alle modellane er i 1:100. Dermed kan det virke logisk å ta ein anna skala, altså 1:50 for å vise andre ting. Modellane viser korleis bygga forheld seg til det rundt. Noko some r veldig viktig. 1:50 kan vise meir av konstruksjon og detaljar. Eg kjem til å prøve å nå det detaljnivået.

05:02
image: [download](#)



Då eg skulle tegne vinduskarmen i plan, skjøna eg at vindaugen er alt

for stort til ei glassflate, i alle fall ei som er billig! Om ein har råd til trur eg det kunne ha vore kult, men eg trur det blir urealistisk i dette prosjektet. Effekten av å ha vinduskarmen på utsida er stor, men dette gjeld sjølv sagt berre om det er òg glassflate. Om det er fleire sett saman kan ein godt berre felle ned vindauget i vegg, tak og golv slik eg tenkjer å gjere.

Dette tenkjer eg å tegne detalj av.

04:59

image: [download](#)



Veiledning med Fredrik Lund, part4. - konstruksjon.

Eg seier eg har valgt ganske vanleg bindingsverk som utgangspunkt.


Men i nokre tilfeller, som i snittet over ligg det ein bjelke over

vindaugen, for så ha eit bjelkelag over seg(tvers over rommet) som held opp taket. Her har eg valgt å senke taket for å gjere rommet meir spesielt, nemleg at både veggane, taket og golvet går rett ut i utsikta og havet. Derfor har eg lagt vinduskarmen på utsida.

Vi pratar om rekkefølge konstruksjon og form. Ofte er det om kvarandre. Denne gongen begynte eg med konstruksjon. Fann tomta mi, tegna et volum som var enkelt og greit. Rektangulært med søyler og bjelker. Eg begynte å strekke og knekke i planen, og konstruksjonen vart meir kompleks. Men eg syntes det var heilt greit. Eg følte på meg at formen var viktigare her. Uttrykket skal bli reint med mykje flater. Slik står det i god kontrast til naturen med sin kompleksitet.

Ulikt er det i sentrum der formen er behalden i sin rektangulære form, og konstruksjonen er synleg. Her er fokuset meir introvert og uttrykket stramt, og det er viktig å eksponere konstruksjonen for å skape spenning inne i rommet.

image: [download](#)



Slik ser bygget ut no. Vinkelen er slak att, det er seks senger att, noko eg trur kan vere fint for stuua.

Andre ting vi prata om.

Ståande panel (som går rundt bygget) for å bygge under inntrykket om at det er ei form som er gravd ut av.

Takvinkelen som er høagst inn mot veggen for å ta (litt) mindre plass i landskapet og skjerme meir for vind.

Eg har vurdert å setje bygget opp på søyler i staden for grunnmurar av betong. Dette for å forsterke inntrykket av ein svevande struktur.

Fredrik var enig i at dette kunne passe bra.

04:31

image: [download](#)




Her kan ein tydeleg sjå korleis vinkelen er for stor til at bygget blir ei kontinuerleg form. Eg lika så godt konseptet med å ta ei liknande form som i sentrum, men med møte med naturen kan ein ikkje operer i grid lenger, her må ein loosen up og knekke seg litt hit og dit! Eg har og tenkt på ein svakhet i bruken av dette bygget, nemleg at det ikkje er noko plass til lagring(sekkar,klatrematter osv). Det er mykje plass ute, men ein bør ha litt inne og. Og om denne hytta skal fungere som ein slags camping plass under festivalar etc så er det logisk å ha det privat; på soverommet.Eg dropper dermed to senger nærmast

døra.

04:25


image: [download](#)



Veiledning med Fredrik. - kontinuitet i form.

Eg har tegna plan og snitt av begge bygga og hadde ein del konkrete spørsmål. Han var enig i det aller meste eg hadde gjort, men det første han sa då han så plan av overnattinga i Hallvika var at han syntes bygget var finare før. Eg beit meg merke i det fordi eg har tenkt tanken sjøl, eg bare kunne ikkje setje fingaren på kva det var. Det gjorde ikkje Fredrik heller, men eg skjøna det nokre timar etterpå. Eg hadde gjort vinkelen skarpare inn mot fjellveggen.(oransje er i dag) Eg skjøna etter kvart kva som hadde vore så ekstremt viktig, nemleg

kontinuiteten i formen; at det er eit volum som har knekt seg bortover. Med for mykje vinkel blir denne effekten borte. Eg vinklar tilbake 15 grader..



04:48
27th Nov 2013

image: [download](#)



Takundersøking i sketchup.

Dei to mest aktuelle på biletet. Den til venstre er høgast mot utsikta og lågast inn mot fjellveggen og bållassen. Slik får ein inn masse sol, bygget virkar lågare frå oppholdsuterommet og bygget opnar seg mot utsikta.

Til høgre er bygget høgast inn mot bållassen, og lågast ut mot utsikta. (bitte)litt mindre sol, bygget virkar høgare frå innsida, men lågare frå vatnet og glir dermed betre inn i terrenget. Dette og fordi bygget følger linjene til fjellet med å gå opp bakover. Bedre

beskyttelse mot vind. Mindre flate mot utsikt, men her blir den meir ramma inn. Eg likar denne best.

04:42



Denne uka går med til detaljer. Eg begynte med overnatting i Hallvika, og kom opp med desse to forslaga. Her har eg isolert, noko eg har vore litt i tvil om heile tida om eg skal gjere. Men eg synast at når heile bygget vart som det vart, så er det riktigast å isolere slik at det kan brukast utan vanskelegheiter heile sesongen.

Eg går for alternativ 1, då heile bygget er ei slags form som eg har gravd ut av. Derfor synast eg det er viktig at det er ein slags kontinuitet av material rundt heile, og at det opplevast som ei form, også frå oppsida. For her vil folk klatre i veggen og stå på oversida av klippa.



13:52
25th Nov 2013

image: [download](#)

Landskapsmodell for overnatting i Hallvika 1:100 ferdig, og modellen av bygget er satt inn. Har tegna ein del på benkene i hola, dei begynner å komme på plass.

I dag har eg levert forarbeid, skrive tekst til katalogen og valgt ut bilde. I tillegg til å tegna ein del på detaljer i bygget på bildet.



17:14
24th Nov 2013

image: [download](#)

Å våkne opp i elementet. Det er noko spesielt med det.
(overnatting Hallvika)

13:06
23rd Nov 2013

image: [download](#)



Yoga på benken eller huske med hell of a view. Blir det riktig om benken er i lett rammestruktur, men samtidig heilt nede ved bakken? Eg syns det er ganske spennande. Som noko som ikkje høyrer til der.

El Grande Finale

Veiledning med bror, John.

Hola.

Å konstruere noko i hola har vore spennande, men vanskeleg. Eg

10:13




bestemte meg for å jobbe med ho denne uka, og prøve å komme opp med eit konkret mål og program. Eg har vore innom ein del. Det vanskelegaste har vore å få til noko som forsterker hola utan, og er spennande, utan å (prøve!) å ta fokuset vekk frå ho. I dag prata vi om at hengande rammer kunne vore spennande å jobbe med, men at det kanskje ikkje er det riktige i oppgåva mi. For finalen, den storlagne avslutninga på vandringa har eg allerede. Det er jo hola. Dessutan er det eit tidsaspekt her, eg veit eg ikkje kan elelr bør legge så mykje tid ned i dette. Alt det andre må jo og bli ferdig. Kanskje er det nok med ein benk? Noko som kan lyse opp og noko varmt å sitte på?

Overnatting.

Konstruksjon vil eg og bestemme meg for før mandag. Kjerner i betong, massivtre, vegger eller søyler? Og kva for funksjon har småstammene i fasaden? Og om dei ikkje stenger litt vel for utsikta slik det er no. For når du sit ved leirplassen med ein høg fjellvegg bak seg vil ein vel sjå på utsikta? Eg vil sjå på kvar utsikt og sol er, og om eg eventuelt kan gjere noko for å opne opp meir.


Sentrum. Utleie.


Veggane kan kanskje gå meir imot kjerner igjen. Ei på kvar side. Og eg har vore oppteken av forbindinga mellom sitteområdet på cafeen og kajakktrappa. Veggen imellom må bort.





Rammene kan festes sammen med klosser, og festepunktet kan endre seg på tre måter for å skape ein random-effekt.





Rammene kan endre seg for å gjøre plass til sitteplasser, enten innover eller utover.


bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?


[archive](#)
[random post](#)
[subscribe](#)

Rammeslangen


06:48
22nd Nov 2013



For å komme seg opp til slangen kan ein gå ei bratt trapp oppover.




Eller i stiger enten i midten eller bak.



Eller at heile slangen går ned til hølegolvet.

06:10

image: [download](#)




Denne gangen skal eg ikkje gjere samme feilen som eg gjorde dei tre første månadene. Nemleg å fundere og skisse til eg finn det perfekte programmet, materialet og konseptet, slik at eg kan utsetje detaljert tegning.

No set eg som premiss at installasjonen eller kva ein skal kalle det i hola er lett og varmt og trangt i kontrast til den tunge, kalde og enorme hola. Tre som materiale, fordi det er lett, relativt lokalt, og samme som dei andre bygga, og det passer veldig bra. Rammer fordi det er opent samtidig som det skaper rom. Det kan og skape benker o.l. Denne installasjonen blir hakket meir konseptuelt enn dei pragmatiske overnattings- og uteiebygga. Det passar bra.

17:11

21st Nov 2013

image: [download](#)



Trangt og mørkt, for så å opne seg mot den enorme hola. Corten.
Dette syntest eg høyrdes spennande ut, men det gjekk opp for meg at denne installasjonen kunne ha vore på alle opne plassar. F eks torget i Trondheim. Som kontrast til alle andre store opne rom. Kontrast til hola med tanke på tyngde er det heller ikkje, då lukka corten har eit ganske tungt uttrykk.

Kva synast eg er viktig å få til med denne konstruksjonen?

- Den skal vere lett, i tilknytning til dei andre bygga, og i kontrast til hola.
- Den skal vere trang, i kontrast til holas enorme dimensjonar.

- Den skal ha nærhet til hola, altså ikkje introvert.

Eg byrja å sjå på rammer. Rammer kan skape rom utan å stenge ut det rundt heilt. Slik kan det bli trangt og samtidig relatere til utsida. Rammer gir og eit lett uttrykk.

12:56

Poesi eller program?

Eg prata nettopp med medstudentar om det vanskelege og spennande med å jobbe med ein stad som har så sterke kvalitetar at det eigentleg ikkje trengs noko der. Vi var einige om at når ein kjem dit, om ein går opp i ein struktur i hola vil ein gjerne bli litt overraska. Ein vil ha noko uventa. Og kanskje kan ein møte dette i program eller poetisk. Altså at ein finn noko uventa der oppe, ein bålpass f eks, eller at teksturen og vandringa i seg sjølv blir så spesiell at det er spesielt nok. Men kva satsar eg på? Har eg tid til begge? Eller kan dei kombinerast?

12:48

image: [download](#)



I denne kjem du og opp og kan ta i taket, og du har god utsikt når du kjem opp. Men fokuset her er kva du ser og kva du ikkje ser. Du går inn i han, går oppover og ser ein mørk vegg framfor deg. du kjem opp der det knekk mot høgre. Du kan ta i taket over deg, medan du har lys og utsikt til høgre. Her opnar det seg opp igjen og utsikta mot havet ramma inn.

12:30

image: [download](#)





Eller collage. Utkikkspunkt i corten-stål. Eg har tenkt på hola som ein slags avslutning i prosjektet. Du leiger kajakk i sentrum, legg ut på sjøen, kjem til Hallvika og ser hola. Du har ho i bakhovudet medan du innlosjerar deg nede ved vatnet. Så går du opp og inn i det enorme rommet. Ein struktur her vil gje deg store forventningar. Eg vil prøve å innfri så mykje eg kan, men samtidig døyve forventningane ved å legge meg litt til sida og ikkje ta opp plass midt i hola.

Men ein verdig avslutning bør ha eit program, og noko meir enn berre eit utkikkspunkt. Ein (ild)stad å slappe av? Ein stad å spille fussball? Eit nettverk av buldreplattformar?



10:38

Kva er hemsen?





Plan og snitt av hemsen i Hallvika. Ein kjem seg opp i taket og kan kjenne strukturen av det. Den lille hemsen held seg i grensa av der det er konstant skugge i hola. Slik ligg det i også i ei grense mellom det som er ekstra spennande å utforske, og utsikten og det enorme rommet. Men er det ikkje då fristande å kunne kome seg lenger ut i hola?



Eg er ganske sikker på det ville ha vore stilig å stått oppi der og sett utover hola og sjøen. Men eg vil ikkje at strukturen skal trua hola si dominerande stilling, dessutan kan strukturen som heng langt ut dele av holerommet og kanskje svekke det. Dette finn eg lettare ut i modell.

Samtale med magasinet klatring

08:33

Thov Sanden

Ny buldrecamp i Vingsand

Hei! Eg tar master i arkitektur ved NTNU. Oppgava mi er å utforme leirplass med overnatting i Vingsand. I konstruksjonen tenker eg å bruke bolter som blir festa i taket på ei hule. Men eg lurer på om dikkon veit eller kjenner noen som veit om informasjon om slike bolter. Det hadde vært kanon!

mvh Thov Sanden, buldreentusiast og arkitektstudent

Klatring

Hei, hvor mye skal de tåle? Mvh Dag

- **Thov Sanden**

Har ikkje regna på det ennå, men si 6 personer i relativt rolig modus, og bygningsmasse tilsvarende 4 personer. Altså ca 800kg i statisk tilstand eller hva man skal kalle det.

- **Klatring**

Da funker det vel helt greit med vanlige borrebolter som tåler 3 tonn eller mer hver. To i hvert feste, med 4 fester bør være nok.

-

Thov Sanden

Ok. Greit å vite, og å bruke som utgangspunkt. Takk for svar!



Her er limbolt som Runar skreiv om. Denne kjem eg til å bruke til fest i hola. Bolten kan ta 35 kN, dvs nesten 3,5 tonn.

Bolting i hola

Mailkorrespondanse med Norges boltefond:

- Hei!

Eg tar master i arkitektur ved NTNU. Oppgava mi er å utforme leirplass med overnatting i Vingsand. I konstruksjonen tenker eg å bruke bolter som blir festa i taket på ei hule. Men eg lurer på om dikkon veit eller kjenner noen som veit om informasjon om bolter som tåler noen tonn?mvh Thov Sanden, buldreentusiast og arkitektstudent

- Hei hei dette var en artig oppgave

Vanlige ekspansjonsbolter som benyttes for å etablere klatteruter tåler 2500 kg, dersom du benytter limbolt er bruddstyrken 3500 kg

Vinkelen på utdraget er avgjørende for bolteplasseringen og type bolt for ditt behov. Dersom du skal benytte lim driller du med 12mm og forsenker med 10mm. Ekspansjonsbolt monteres i et 10mm hull.

Trenger du ytterligere informasjon ta gjerne kontakt på denne mailen,
lykke til

Med vennlig hilsen / Kind regards

Runar Carlsen 90848360

Norges Boltefond

Damveien 3
1911 Flateby
www.norgesboltefond.no

- Det er tak i hule, vinkelen er ca 10 grader. Hvilke bolter vil du
anbefale da?

Takk for svar!

- Kommer selvfølgelig an på hvor stor belastning som skal skapes,
men limbolt høres fornuftig ut.

Med vennlig hilsen / Kind regards
Runar Carlsen

13:28
20th Nov 2013


image: [download](#)



Skissemodeller på løøpende bånd der altså

12:37


image: [download](#)




Modell. Skissemodell/collage 2.

11:41

image: [download](#)



Modell Hallvikhola 1:200



Skissa i hola i dag! Gøy! Masse forskjellig, men på ca samme plass.
Intensjonen er ein liten lett struktur som skiller seg frå holas store

tunge dimensjonar. Og å komme seg opp til taket, for å kjenne strukturen av det eller sjå på utsikten over hola og ned til sjøen. I tillegg er det ei fyrlykt. Eg har og skissemodellert. Bilder coming up!



05:27

image: [download](#)

Tadashi Kawamata, centre pompidou 2010.

Då eg var i Paris våren 2010 var eg i Pompidou. Kawamata hadde ei utstilling der og er kjend for sine strukturer i tre, som i dette tilfellet er bygd på ein heilt uventa plass. Nesten som eit reir.

[*← Back*](#)

PAGE 2 OF 12

[*More →*](#)

Powered by [Tumblr](#)

bulder


kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)

[random post](#)

[subscribe](#)



14:02

19th Nov 2013

image: [download](#)

Skisse av hems i Hallvikhola




image: [download](#)

Rett før midtsemester laga eg mange eksempel på kva for type struktur det er mogleg og umogleg å tenkje seg inne i hola. Då hadde eg ikkje bestemt meg for kva struktur det skulle vere nede ved vatnet i vika, noko som no er ganske klart. Nemleg ein lett konstruksjon med lite fotavtrykk og inngrisen i naturen. Vinklane i plan bidreg kanskje til at uttrykket blir enda lettare. Når ein kjem opp i hola tenkjer ein fort på tunge, treige ting. Derfor har eg trukke fram to alternativ. Den tunge som held seg på bakken, gjerne i stein frå hola, gabbionar kanskje, eller i betong. Eller ein enda lettare struktur. Nesten som ein kokong, eller flaggermus. Eg synast dette høyrast mest spennande ut. Slik blir kontrasten mellom det som er skapt av naturen og det som er skapt av menneske større, noko som virkar riktig i ein slik setting.

Det blir ein hems i hola. Slik kjem ein i kontakt med noko som ingen utanom verdas beste klatrar har teke i før; taket. Taket er det mest spesielle i holer. Vegger og golv i fjell finst overalt i Noreg. Men eit så stort naturleg tak finst berre éin plass i Noreg, og det er her. Med hemsen får ein som er på besök i hola oppleve å vere nært taket, og sjå hola frå eit anna perspektiv enn vi er vant til. Den kjem og til å fungere som ei slags fyrlykt for kajakkar og båtar som prøver å

komme seg til Hallvika.



13:47

image: [download](#)

Soner i hola.

Raudt:bruk. Dette området kan brukast til teater/kino/konsertar, og sitteområde.


grønt:utsikt. Opp hit går du for å sjå utover vika og havet. Ein fin plass å finne seg ein flat stein å sitte på.

Gult:utforskande. her er mørkt og spennande for dei som tør.

Blått: nøytralt område. Her vil eg gjere noko.

12:38

image: [download](#)



Hallvikhola 1:200.


Dagen har stort sett gått med til å lage denne modellen. Denne hola
ligg ca 800 m frå vatnet, men den er verdt turen. Ho er 25 m under
taket inni, nær 100 m brei på det breiaste og 100 m djup.

Hola er forma som eit naturleg amfi, og eg har foreslått å bruke ho til
kino/teater/konsert der ein f eks kan sitte på buldrematta si. Men det
trengs ikkje store grep for å få dette til. kanskje bare nokre boltar i
veggen for å feste lerret..

Tidlegare i prosessen såg eg på kva for installasjonar og konsept som
kan passe best inni hola. Då hadde eg litt lite å gå etter sida alt det
andre hadde kommet så kort.

06:06


image: [download](#)



I går kveld tenkte eg på korleis eg kan bygge modell av hola. Eg kom til tre alternatiiv. Plankoter, lengdesnitt eller tverrsnitt. Etter vurdering i dag og samtale med medstudenter satser eg på lengdesnitt. Dette blir spennande!

06:04

image: [download](#)



Holer.

I dag skal eg finne ut kva eg skal bruke den fantastiske Hallvikhola til.
Biletet over er ei skisse for korleis ein kan sjå for seg overnatting i
Lillehallen ved Dronninghola. Ved å berre borre inn ein bolt eller fire
har ein soveplassar både lunt og spennande.

Men Hallvikhola er enorm.

09:13
18th Nov 2013




oppbygging

08:54
image: [download](#)



Ovennating	Sentrum utleie	Hallvika
WC / BAD / SAUNA / UTEDO		
Lagring	(DG utleie)	

		
KLATTERSKØ / KAJAKK / BULDREREMATTE Nærhet/viktighet		
		
HULE / BULDRING / KAI		
Komfort		
  	   	    
KLIMATISERT / HALVKLIMATISERT / UKLIMATISERT	Kjøkken / sitteområde / do	mattfløying / pels / sove / sauna / børke
Base for andre aktiviteter		
 	 	 
FISKING / CHOKING		
Mattfaciliteter		
 		
Enkeltkjøkken / Kafe		
Tilgjengelighet		
 	 	
Kajakk / Bil		

Ferdig program. Herregud så vanskeleg dette har vore. 8 plassar, 6 plassar, 4 plassar, 3 plassar, 2 plassar. Klimatisert, uklimatisert, halvklimatisert.

Eg skulle gjerne tatt for meg 6 eller alle 8 plassane, og eg trur eg kan ta mykje av det eg har lært av dei plassane eg faktisk har studert nøyare. Men til 16. desember kjem eg til å jobbe med desse to: hallvika og sentrum. Dette dekker det eg har sett som intensjon for oppgåva. Eg synast å berre gjere noko i landskapet ville blitt litt snaut. Utleiebygget i sentrum er utgangspunkt, ikkje berre for den eine "noden" eg vel å designe i Hallvika, men for alle stadene rundt i eit

område som er fantastisk, og som bør oppsøkjast frå vatnet. Og gjerne med kajakk.



08:36

1. Bålpass ute med bålpass inne for dårlig ver.
2. Denne tomta er nære vatnet, langt nok unna den bebyggelsen som er der, ligg i ly for vind så eg sannsynlegvis klarar meg utan barduner, og det som gjer at det ligg i ly er ein svær bratt 10-15m høg bergkant.

Nesten loddrett. Eg prøver også å legge soveplassar her. Og også her legg eg soveplassane vekk frå der ein entrar for å gjere dei meir private, og gjere dei andre funksjonane mindre teken av overnattingsgjestane.

3. Volumet bli delt meir tydeleg opp i privat(sov), peisstua(halvprivat/kan leigast f eks), og dofasilitetar som er ope for alle. Dessutan lukkar det for å gje ly til og definere leirplassen.



4. Soveavdelinga leggast vekk frå bållassen, men er ikkje med på å definere han lenger.

5. Eg tek han tilbake, og på den måten få plass til teltplass på den private sida, då volumet skil mellom denne og bållassen. Eg kuttar i sovevolumet og legg han lenger inn mot fjellveggen. Då kan eg bruke bergveggen som visuell vegg, og få inn lys i rommet, utan at nokon kan sjå inn eller gå utafor. Slik blir ikkje mogleg å vakne meir i elementet enn her. Dessutan vrir eg do og tørking på enden utover slik at det inviterar inn, og legg til rette for siktlinje mellom bålet og der ein legg frå seg kajakken.

6. Eg forenklar og prøver å få veggane over fundamenta. Dessutan at bærebjelkane under golvet berre endrar retning to gonger. Eg legg inn badstue. Her er det naturleg sida det er mykje nærmare vatnet enn oppå bergveggen, og dessutan trur eg det er bra å ha badstua nært det andre.

Ellers er det utekjøkken under tak og 2,5 veggar, og peisstua kan opnast med skyvedører og bli ein del av uterommet innafor.

07:20








Badstue og do (raud) vil eg ha nærmere vatnet og brygga(blå) og lenger ifrå soveplassar(grøn) for å gjøre det mindre privat slik at det blir lettare for alle å bruke det. Eg legg ein bålsplass(gul) på ei hylle som eg


finn både i plan og på eit biletet eg har frå Hallvika. Ei hylle eg ikkje har sett før, men som eg etter kvart finn ut at har ei vannvittig fin plassering for fleire funksjonar.

07:09




image: [download](#)






To langsgåande bjelker ligg over tversgåande betongfundament.
Inngrep i bakken er mindre og intensjonen kjem klarare fram. Veggan
vekslast mellom å vere luftig med berre stammer av småtre som må
bort frå buldreområdet like under, eller stammer utapå
massivtreveggar, eller glass, eller glass med stammer utapå for å
filtrere lyset og sette ein meir privat stemning.



07:05






HALLVIKA

Ei vik med småbruk som er i bruk av svenske sommarturistar. Og ei gigantisk hole.

Eg brukte samme konsept her som i sentrum, og heva det ein etasje over bakkenuvå. I 1etg er det berre kjerna, og her ligg do og trapp opp. Ein kjem seg over bakken, men eg syntes det blei for mykje med kjerna og det er ingen vits i å ha kajakker under. Det er alt for langt frå sjøen. Eg bestemte meg for å legge det på bakken, men då vart kjerna ganske så overflødig. Eg prøvde å legge badstua inn i den, men det var framleis for voldsomt. Eg begynte med veggene etter kvart som sentrum utvikla seg. Sjå neste post.

06:55



I modellen freste eg ut to fasader. Den eine inspirert av greiner, med små opningar. Den andre heilt lukka. Eg synast den lukka har eit mykje meir spennande uttrykk. Eg har tenkt at slektskapet til bygga ute i landskapet kan heller vere å bruke greiner og kvist i forskaling til betongen.

No gjeld det å finne ut kva dei berande veggane er og veggane mellom desse som lukker romma. Eg er fornøgd med det lange slanke volumet som forholder seg til eksisterande linjer og er ellers passe stramt. Det

gjenstår å se om eg vil ha noko stramt også i naturen for å gi ein kontrast til det organiske, eller om eg vil gjere noko litt sprekare.

06:43





Vingsand sentrum. Utleie og cafe.

Kjapt gjennom prosessen:




1. Etter arbeid med bygget vart 2 kjerner til èi. Men kjerna var meir forstyrrende enn nyttig. Det er tross alt bevegelsen gjennom bygget som er det viktigaste!
2. Eg satte opp funksjonane i eit diagram. Do ved sida kjøkken for å få vatn saman, i same vegg kanskje.. kjøkken ved sida cafe fordi det er

naturleg med kort avstand mellom desse. Cafe ved sida kajakktrapp for å integrere dei. Ein skal bli eksponert for aktivitet!

kajakktrapp ved utleige for å ha instruktører nære. Utleige ved kajakkklager for å hente ut til kundane medan ein står i butikken.

3.Eg brukar veggar i staden for kjerner. Funkar mykje bedre. med ein base av betong og lett tak og veggar som flyt over har eg “plutseleg” fanga karakteren av skissa eg lika best. Og inspirasjonen av naust kjem godt fram i det ein glir under og inn i bygget med kajakken. I dette eksempelet prøva eg å legge kajakkane i lagring i eit eksternt bygg,

(4.)men fann etter kvart ut at dei kan lagrast utan problem rett ved utleiga. No kjem vatnet inn halvvegs i bygget på høgvatn og legg seg så vidt utafor på lågvatn. På høgvatn er og plataet i cafeen berre nokre få cm o h.



Plan, snitt og fasade av klippan i Hopen. Det spesielle med Hopen er at det ikkje er noko spesielt. Ei klippe få truleg har vore eller lagt merke til. Eg vil vise at det er mange stader som ved hjelp av arkitektur kan opplevast på ein heilt anna måte og bli veldig spesielt. Nemleg å kome seg opp i veggen, og kikke til Vingsand eller sove der. Trinna oppover prøva eg å utforme slik at verdas beste ingeniør ikkje er nødvendig. Ei enkel løysing, med tilgjengeleg klatre-teknologi for å bolte inn trinn i veggen.

Uttrykket ville eg at skulle assosierast med reir(ein lett konstruksjon dekt av greiner/stammer) Og med eit sikresystem som går på innsida, altså utan railing utover, kunne det blitt ei spesiell oppleving.

MEN etter å ha jobba ein del i Hallvika dei siste dagane har eg bestemt meg for å droppe det. Det ligg både mykje potensiale og mykje jobb i denne siten. Dessverre har eg ikkje tid til det.

Programmering blir ein naturleg del i ei slik fri oppgåve, og eg har bruka vannvittig mykje tid til å finne ut akkurat kva eg skal utforme og kvar. Eit alternativ kunne ha vore å sett opp premissar for kva slags program og site eg skulle bruke. Men no synast eg at det ikkje har vore sløysing, då eg er fornøgd med både tomter og program, og eg trur det kan styrke oppgåva.

[← Back](#)

PAGE 3 OF 12

[More →](#)

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

[archive](#)[random post](#)[subscribe](#)**6 DAGAR!**06:06
18th Nov 2013

DÅ har eg ikkje blogga på seks dagar! Det har skjedd ein god del, og eg har skjønt at eg må ta avgjeringar. Dette blir ei kort oppsummering av valga eg har tatt.

I veiledning med Fredrik blei det ganske klart at eg måtte komme meg ut av programmeringsmodus og inn i tegnemodus. Ikkje skisser, men detaljerte tegninger i skala. I hovudet mitt var mykje allereie ganske klart, og med ein gong eg byrja å tegne skjøna eg ikkje kvifor eg ikkje hadde gjort det før. For det var verkeleg befrriende.

Det gjekk opp for meg på midtsemesteren at dei fleste hadde eigentleg jobba meir med forarbeid enn med prosjektering. Glidande overgang, men likevel. Alle hadde problem med å setje ein strek som tel, i frykt for at den blir for viktig. Alt skal analyserast og begrunnast!


Men no skjøna eg altså at eg måtte sette ned strekar på papir som betyr noko. Målet var å ha alle stadene tegna opp i løpet av berre eit par dagar. Noko som eg kunne forma vidare.


Mail til veileder07:01
12th Nov 2013

Som du ser, har eg tenkt at det er hensiktsmessig å bruke samme

konsept i sentrum som i Hallvika. Både at bruker kjenner det igjen, men også at eg slipper å utarbeide to unike konstruksjonsprinsipp. Ei (eller to i sentrum) kjerne som holder opp resten. Slik blir det mindre kontakt med bakken, mindre påvirkning i landskapet. Kan evt festes med barduner.

Det blir et lett og svevende uttrykk, og med trær og kvister i fasaden blir lyset herfra om kvelden særegent, se collage. Trær og kvister som uansett må ryddes for å frigjøre potensialet området rett nedenfor har til å bli et veldig bra buldreområde. Dessuten er det nærmeste huset tenkt til utleie, og kan komplimentere med klimatiserte funksjoner.





Eg trur eg vil ha badstua utafor huset og nærmere sjøen. Da blir kjerna for stor. Dette vil eg jobbe med framover. Dessutan å få ferdig kajakktrappa og lagring av kajakker, rett ved sjøen dette og. Kanskje det kan kombinerast med badstue.

Som du ser i skjemaet, har eg gjort forskjell på Hopen og Hallvika. Hopen blir meir opplevelses-overnatting(evt bare utkikk for de fleste..), og Hallvika bli telt og soveplass som vil fungere fint heile sesongen. Slik vil eg jobbe med to helt forskjellige sites med forskjellig bruk og funksjonar.

Eg skulle gjerne ta ein prat med deg om kjerna som søyle, både her og i sentrum.

06:59

image: [download](#)




Collage Hallvika.

Konseptet bygger på noko eg fann ut tidlig at var viktig: lys. Lanterner rundt i landskapet som inneheld overnattingmogleheter. Finn du ei av dei, veit du at ei veldig spennande hole, buldrefelt eller anna ligg nært.

image: download

I veiledning forrige uke blei eg og Fredrik enige om at programmet

burde være ferdig snart. Oppgåva mi er så fri, og det har vært veldig gøy og spennende, men det er vanskelig å komme seg noko særleg vidare utan å sette rammer for seg sjølv. Eg satt tidlig opp eit program, men det har ikkje vore fast og klart nok. No har eg prøvd å gjere det klarare. Dette fortel akkurat kva slags funksjonar som finst og korleis dei er lukka mot ver og vind.



11:25
6th Nov 2013

image: [download](#)

Universelt utforma uteie.

Med buldring og kajakk som hovedaktivitetar kan ein ikkje regne med

å få mange gjestar med aktivitetshemningar, eller?

Ute i landskapet ser eg på det som ganske uaktuelt. Men bygget i Vingsand sentrum er meir enn eit utgangspunkt for kajakk og buldring rundt i området. Her vil eg oppfordre til utvida visningsrom for galleriet, ein kan kjøpe seg ein matbit, eller berre kome seg ned til vatnet. Eg trur det blir fokus om eg skal bruke forskrifter og gjere det formelt lovleg. Dette skal eg ta opp med veileder i morra. Men det kunne ha vore fint å bruke forma på bygget til å lage ei rampe som snirklar seg ned til vatnet. Ved å legge han i helling 1:20 (som er godkjent helning for rullestol), kjem ein seg heilt ned til vatnet til LAT. Eit slikt rampesystem trur eg kunne ha vore greit både å legge inntil, og bere kajakken opp.. ikkje heilt sikker på det, då det blir ganske krappe svingar..

Nede i venstre hjørne kan ein sjå eit bord og stolar som sit fast i golvet, og som dermed blir borte under floa. Tidevatnet er ein fin ting, og eg har lyst til å forsterke inntrykket på ein eller anna måte.


12:16
5th Nov 2013

image: [download](#)



Collage av utleiebygget i Vingsand sentrum.

11:28




Modell ferdig, tatt høgde for LAT(øverst) og LAT(nederst).
Deilig å få ut det ein har tenkt, å sjå om det fungerar. Litt endringar
vart til etter kvart som eg bygde modellen. No er det to kjerner som

held oppe heile greiene, desse kan låsast. Ellers er bygget heilt opent.
Inngangen er veldig uferdig for å sei det sånn. Eg vil ha det opent, men
opninga treng ikkje vere 20 meter brei.

06:33

Modell Utleie



Eg prøva å bruke 1:500- modellen å forme bakken, men den vart
ganske liten og upresis.



Eg var litt i tvil om eg skulle bygge 1:100, som den andre modellen eg har, eller 1:200.






Det er stor forskjell i detaljnivå på dei to skalaene, noko som gjer 1:100 vanskeleg i byrjinga, og så ganske digg. Først blir det vanskeleg fordi det set litt store krav til presisjon og det er litt verre å skisse. Men eg tenkjer at eg no har funne ut ein del og vil sjå på romlege forhold i tillegg til situasjon. Eg bare håpar eg har rett.

06:28





image: download



Skisser Utleie, Vingsand sentrum.

Eg trur det kunne ha vore bra å ha eit bygg som gjorde det mogleg å kome ned til vatnet, sjølvsagt, men heile døgnet. Eg vil helst sleppe opningstider og låsing og slikt. Då må ein gjerne ha noko som er låsbart. Ei kjerne med kjøkken, do, utleige. Kanskje mest naturleg å ha den i det som er underlaget? Eg vil nemleg prøve å forme bakken for å ta høgde (!) for tidevann. Slik det er i dag er underlaget ei steinrøys.

Det mest nærliggande blir derfor å bruke desse, som i gabbionar og forme ei trapp. Eller bruke betong over, for å understreke slektskapet med bryggene ute i landskapet(hopen&hallvika).(sjølvsagt kunne fleire av desse bryggene, f eks på ramsøya brukha gabbionar..)

Uansett vil eg prøve å forme bakken, og så likar eg skisse nr 1, med ein lett struktur over, som kanskje er translusent.

07:23
4th Nov 2013

image: [download](#)



Bilete frå ekskursjon i Trondheimsfjorden i sommar.

07:14

image: [download](#)





Nils Christen Taraldsen- Padlepionér.

Nils har padla både hav og elv i over 30 år. Han har padla overalt i norge og bl a elv i Grand Canyon og hav på Grønland. Eg intervjuja han og prøvde å finne ut kva som må til av ilandstigningshjelp både til nybegynnarar og viderekomme.

Han meinte strand er veldig fint om sommeren, men ikkje så greit når ein ikkje sit i badebuksa. Då vil han gjerne ha ein stein, berg, brygge e l for å komme seg tørskodd opp. Tørskodd er ikkje akkurat ein garanti når ein set seg i ein kajakk, men likevel.

Dei reiste i gruppe og låg i telt, med tørkemogleheter der dei fant. Nils hadde ull innerst, og det var ikkje krise om han tok på seg fuktige plagg om morgonen, då ull varmar godt likevel. Om eg skal legge til rette for tørking meiner han det er nok med tak. Så lenge det ikkje regnar inn så er det greit.

Når det gjeld å kome seg opp på land, kom dei borti utfordringar på Grønland. Han fortel om ein gong dei kom seg opp frå vatnet måtte dei klatre opp ein skrent på 15-20 meter for å legge dei frå seg.

Vi snakka om kva som er ideelt å legge inntil når ein er ute og padlar. Han meiner utanom strand dei varme sommerdagane er det heilt klart flytebrygge som er best. Ei låg fin flytebrygge. Helst ikkje over 40cm høg. Over halvmeteren begynner det å bli vanskeleg. Ikkje berre å kome seg opp, men og å få kajakken opp av vatnet.

Eg fortel om vinklinga mi, med ei betongtrapp opp frå vatnet. Han synast det høyrast ut som kan fungere, og synast det er greit at eg ikkje vil gjøre det vanlegaste. For meg blir det viktigare å kome med

eit forslag som er lokalt forankra, både i material og form, og heller
reise ein slags diskusjon om det funkar.

Hallvika

06:40




I hallvika finst det fleire gode buldreområde. Eit av desse, og kanskje
det mest spennande, sidan det både er stein og fjell ein kan buldre på,
ligg ganske nært stranda.



Men ein del buldreområde må gjerast nokre småting med før dei kan bli brukta. Som å pusse vekk mose frå taka, og rydde vekk kvist og småskog. I dette feltet i Hallvika trengst det å tas bort ein del kvist og småtrær.



Eg vil sjå korleis eg kan bruke denne kvisten i det som blir bygd. I denne collagen viser eg kvar eg tenkjer funksjonane skal vere, i forhold til vatnet, hola og buldreområdet.



Brønnøy: Torghatten av Carl-Viggo Hølmebakk.
Ei opning som går rett igjennom fjellet. Den store problemstillinga eg kjem inn på i hola, har vore viktig for kontoret då dei jobba med dette


prosjektet. Nemleg kva som eigentleg er nødvendig, og vil forsterke opplevinga. Noko som gjer til at det blir tilgjengeleg, graden av dette kjem jo heilt an på. Men at det framleis er utforsking og spennande å gå i mellom fjellveggane har vore ein viktig del av det. Då Hølmebakk var på besøk her for nokre år sidan, tok han opp desse spørsmåla. Eg synast det er veldig interessant, og heilt nødvendig i ei oppgåve som mi. Kva kan eg legge til av arkitektur for å gjere området og attraksjonar meir tilgjengeleg, men samtidig like spennande å utforske og innehold like mykje av sin særegenhet?

I prosessen har eg skissa og evaluert desse. Etter midtsemester skjøna eg at ein sti ikkje er det som passar med intensjonen min, men hint for å vise folk kvar det er spennande ting å utforske. Heile vegen har eg tenkt på lyskjelder som kan guide. Både synlege frå havet, som lanterne, varde eller fyrhus. Men og som merkinagr på ein sti, og kanskje t o m oppe i hola. Kanskje er det berre lykter og eit par benker som trengs i hola?

10:46
1st Nov 2013

image: [download](#)





Veiledning med bror+kjæreste.

Eg starta dagen med å presenterte foreløpig materiale og prøve å forklare kort og konsist kva som er formål med oppgåva og kva eg gjer for å kome til målet.

1. Sentrum: Her skjer det viktige møter, og er utgangspunktet for

reisa. Her legg du ut med kajakken og skal egentlig fungere langt utover å vere ei kajakkbrygge og ein cafe. Viktigast er bevegelsen ned til vatnet(som i eit naust. Material:plank som resten av sentrum.

2. Hopen: Frå Vingsand sentrum kan du sjå plassar å henge og sove i klippa i Hopen. Her kjem du med kajakk og kan gå rett opp, om du tør. Materiale er betong, som får tilslag frå pukkverket rett over fjorden.

3. Hallvika: Frå Hopen tek du kajakken rundt odden og til Hallvika. Kajakken blir lagra trygt ved vatnet og du går mot hola. Den er enorm. Ned igjen til vatnet og legg deg.

4. Dronninghola: legge til med kajakken, finne ein lun og tørr plass å tørke klær og lage mat. Holer til å sove i og buldre i. Her vel eg å bruke materiale som er rundt og som grunneigar vil kvitte seg med; kvist.

Det første vi prater om er at dei synast det er litt rotete. Litt mykje. Eg seier eg har allereie kutta ned til halvparten av plassane, men eg veit det er nok å gjere framover! Det er ikkje berre èin konstruksjon dei fire plassane.

sentrumsbygg, hopen

brygge+dass+overnattning_i_klippa+kajakklagring+trapp_opp,
dreonnighola brygge+leirplass+benker_ved_hola, Hallvika
kajakklandingshus+buldrehus+hola?.

ja, det er mykje. Og kvar er det blitt av hola lurar dei på? Eg og
Vveileder vart enige om å setje den på vent. Det er bra å ha ein kul

ting, men ein bør gjere noko i forhold til den. Med det i tankane lurer dei på om det blir for mykje med Dronninghol i tillegg. Eg trur dei har rett. Inni bobla mi har eg lett for å ta ting for sant etter kvart,. Og eg har mange idear, både som er på papir og som er meir udefinert i hovudet mitt enno. Og eg synast det er heilt greit at prosessen er slik at ein kuttar ned, og legg til. Men kanskje er det på tide å bestemme seg litt ordentlig. Planen med oppgåva var å komme med skisser o 1 for alle stadene, og komme lenger på nokre få av dei. Eg føler eg er omtrent der eg skal. Sjølvsagt skulle eg ha kome lenger på alle og hatt eit tonn med gode skisser. Men eg føler at begrunnelsen er god for kva for stader eg har valgt. Dei seks er viktige stader med sær preg, medan dei tre eg ser nærmare på innehalar det viktigaste.

Sentrum: viktig for eitkvart stedsutviklingsprosjekt. Her er utgangspunktet, og ein viktig møtestad. Synleg, skal gjere lokale og turistar oppmerksamme på kva som finst der ute.

Hopen: Ein plass som har potensiale, men som ikkje blir lagt mykje merke til i dag. Formålet er å gjere ei oppleveling tilgjengeleg, Tilgjengeligheten blir forsterka ved at den var fullstendig utilgjengeleg før, i tillegg til at det er synleg frå Vingsand sentrum. Dessutan krev denne plassen noko av deg.

Hallvika: Her finst den største enkeltattraksjonen i kommunen, kanskje på heile fosen. Men i dag finst det ingen plass å legge inntil, ei heller overnatting. Ganske utilgjengelig med andre ord. Her vil eg legge til rette for å komme til med kajakk, og komme seg lett opp til hola, med det nødvendisgte for å sove, buldre og gå på holesafari der.

Med desse trur eg at eg tek for meg dei viktigaste problemstillingane.


Stikkord:

Attraksjonar- nye og eksisterande.
Møtestader- i naturen og blant bebyggelse.
Tilgjengelighetsgrad.
Realiserbart- visjonært og konseptuelt, rimelig og praktisk.
(motsetningar?)


10:02

Hallvika


Oppsamlingsskisser.
Denne veka har det vore gøy å skisse, og lite tid til å blogge. Det kan vere ein fin måte å få det litt på avstand til ein vurderer det når det skal leggast ut på bloggen.




Både i sentrum og i Hallvika er eg inspirert av nausta som ligg i området. Ein kjem inn under eller frå ei side, med båt, legg frå seg båten, og går opp og ut gjennom motsatt side.




Alle skissene er av naust der kajakktrtappa går inn i bygget, (stort sett) med soving og legge frå seg kajakken.



naustet er abstrahert til ein boks som heng på sida av klippa.



Naustet er abstrahert til berre ein legg som ligg eit par meter utifrå klippeveggen.



Snitt av samme konsept. Etasjer for moglege sengeplasser..



Kjapp skisse. Veggen på høgre side kan vere open, lukka, eller ein mellomting.

[← Back](#)

PAGE 4 OF 12

[More →](#)

Powered by **Tumblr**

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

 Search...

archive


random post

subscribe


Dronninghola

09:52


1st Nov 2013




Slik ser eg for meg turen opp til Dronninghola, eller Sundahallen som grunneigerane kallar ho. 1.brygge. 2. leirplass. 3. hola med benker.




Så byrja eg å skisse litt på korleis eg skal legge meg på svaberget.
Etter kvart såg eg på mange av skissene at eg ville ha eit slags tun. Det
var dette som utløyste det runde taket og/eller golvet, med lukka rom
inni.




Eg prøvde med runde rom, og med eit gridsystem. Noko som kunne funka godt konstruktivt. Det kunne og ha vore spennande å sjå på bålpass inne, og skjere hol i taket for røyk. Kanskje også for vatn, i systerne e l.



Skisse av åpen leirpass med lukka rom for div program. Med greiner i fasaden og kanskje og i tak og/eller golv?



Ein gurt-aktig konstruksjon kunne kanskje vore interessant?



10:31
31st Oct 2013

image: [download](#)

Eitt enormt svaberg. òin svær kladd av et berg som stikker opp bak.

Èin ufo liggande midt på svaet?

Eg har funne meg ei flate som ligg i ly rett innmed ei fin 4-5m høg klippe midt på svaet. mellom vatnet og hola. Etter mykje diskusjon fram og tilbake hamna eg der, og i dag har eg skissa ein del på kva for avtrykk det kan gje. Eg har lurt på om det er bra å dele opp programmet, men då eg leika meg med penn og papir fann eg denne. Den runde forma, som kan svare på ein del. Med denne kan alle funksjonane vere under samme tak evt på same plattform. Ein får både bruka fjellveggen bak do og tørkerom som ein romleg faktor, og utsikt ut frå fellesrommet, som ligg eksponert ut mot utsikta, men som kan lukkast med f eks seilduk om det skulle blåse opp. Som romskiller tenkjer eg å bruke kvist som grunneigerane gjerne vil ha vekk frå opninga av hola. Rydding av kvist har dei faktisk tatt initiativ til sjøl, men med ungar som er vaksne og busett langt vekk er det ikkje så lett lenger, og det gror igjen.

Eg lurar på om det kan brukast i golv..? og i tak? kva må eg ha i tillegg for å skille mellom rom? for lukt frå dassen, for støy til soverommet, for å halde på vatn i ei evt sisterne..

Eg vil fortsette litt med plan for å sjå kva for rominndelingar eg kan få.


Eg likar den runde ytterforma, men kanskje bytte ut dei indre

sirkulære med rektangulære..?

stay tuned



08:25



Bibliotek i Japan.

her er det brukta lokal kvist som skulle brennast. Fasaden blir knytt til det lokale, særegen og fungerer som lysfilter.

Der eg tenkjer å bygge i området rundt Dronninghola er det faktisk eit problem i dag at alt for mykje vegetasjon står og dekker for holene.

Ikkje berre Dronninghola, men og Brorahallen og Lillehallen. Dette kunne eg tenkje meg å bruke. Rydde kvist og kortreist materiale i samme runde.

Her er mengder med bjørk og rogn. Kanskje ikkje det bveste materialet reint konstruktivt med bøyger og diverse, men som fasademateriale bør det funke heilt ypperlig.

Med denne metoden, om eg får det til, blir det også ein særegenhet her, å utnytte potensialet reint “materielt”.



12:29

30th Oct 2013



Hallvika og Dronninghola.

Dei to plassane eg har valgt å jobbe med, i tillegg til Hopen og sentrum. Eg har holdt på denne veka med Hallvika og Dronninghola fordi desse er kommet kortast. Kvar for seg gav dei meg ikkje så mykje. Eg prøvde å sjå kvar eg skulle legge meg i Dronninga(nederst). Finast å ha alle funksjonar nede ved vatnet? Her er det nok minst like stille som i Hallvika, her er det og berre nokre få meter djupt i heile vika. Men eg vil fokusere på det som er spesielt her, og eg har valgt denne plassen fordi den er spesiell. Dei to plassane er helt forskjellig frå kvarandre. Då eg gjorde karakteristikkar av kvart enkelt område vart det ganske klart for meg. Eg ser på det igjen:

Dronninghola: ingen bebyggelse, berre eit naust som brukast som sommerhus, Mogleg å komme til med bil, Vil stort sett vere skjerma for det verste veret av skjæra utafor, God utsikt både til moloen og

Sandviksbygda, Slake fine svaberg som ender opp i ei verdskjend hole.

Området her er eit enormt svaberg med ein topp der hola kjem innunder. Å bruke betong her synast eg blir litt som smør på flesk.

Her er berre blankskura fjell, dermed vil eg unngå stein og betong, eg trur det ville stikke seg for mykje fram. Mindre trestrukturar derimot kunne ha vore passande. Programmet kan henge saman, for å spele på det enorme samanhengande svaet, eller dele seg opp og spele som enorme buldresteinar i ei abstrahera form.

Hallvika er ei fin naturleg vik. Der finst det noko bebyggelse (langt fra hula). Ubebodd øy utafor, som ligger mellom hallvika og raudøya. Omkransen av en vannvittig 20ometers høg vegg. Nord-europas største grotte (80 m høg, 100 djup) ligger innerst i vika, delvis gjømt fra sjøen. Stein- og sandstrand, men et parti i midten som møter vannet med 3-10m høg klippe.

Eg vel å bruke partiet på midten, klippa, for å ha ein bra plass å komme seg opp med kajakk. I Hallvika er det ein enorm skala. 200m høge veggar i stein omkransar vika, og eg ser på det som at eg ikkje treng å vere så forsiktig med å reise ein vegg av betong på 6 meter.

Dessutan ligg det mange kampestein her, enorme steiner som gjer ein betongkonstruksjon mindre brutal.



11:45

Camino del Rey.

Ein veg i Spania som eg har hatt som inspirasjon til stien i Hopen.
Krevande og spennande. Og leikent, som dette biletet. Så herleg fritt
utan gelender. Dette hadde sett heilt anngleis ut om trappa hadde
gelender ut mot vatnet.



10:54

29th Oct 2013

image: [download](#)

Dronninghola.

Bilete frå *workshoppen* eg laga meg då eg var der i midten av september. Til høgre kan ein sjå snurten av ein sliten gammal benk. Her trengs det ikkje mykje. Hola er ganske fantastisk i seg sjølv. Tak er det plenty av, så berre nokre benker er det eg ser for meg kan bli aktuelt her.


I dag har eg prøvd å leike meg med møte med vatnet. Og prøvd å programmere området ved Dronninghola. Dette er fjerde og siste området eg tenkjer å sjå nærmare på. Her er det små holer, og det blir på ein heilt anna måte enn den veldig grotta i Hallvika. Dessutan er det kanon buldring oppe i hola her.

Her kan møtet med vatnet vere på ein anna måte. Ein har ikkje noko klippe å legge noko inntil. Dte må i staden bli noko som stikk ein god del ut frå land. Her er det ganske langgrunt. Vatnet er om lag like roleg som i Hallvika. Kanskje til og med endå rolegare. Så kva gjer eg med overnatting? Eg lurar på om det blir for likt å sjå på overnatting på vatnet her OG i Hallvika. Kanskje soving i holene er nok? Det er jo det som er det spesielle med denne plassen. Dessutan er det plass til ein del i brorahallen og lillehallen tilsaman. Folk kan jo sjølvsagt også sove i Dronninghola(biletet).

Så kva for andre funksjonar har eg satt i skjemata *kva_er_kvar?* som

aktuelt i området?

Ein utedo, base for dykkeaktivitetar(altså tørking av klær, men dette bør det kanskje vere uansett mtp kajakk), primitiv matlagingsplass. Ingen sauna, men kanskje det kunne passa? Eg har det bak i hovudet. Så har eg skissa litt på kvar eg tenkjer programmet. Først la eg meg på ein høgde på veg opp til hola. Deretter drog eg strukturen mot ly, der det har ein vegg bak seg, med utsikt mot sør til vest. Men nede ved sjøen er det jo så vannvittig fint! Og i dag ganske utilgjengeleg, med tjukt kratt og ingen sti. Når folk kjem inn her med kajakken kan dei umiddelbart sette i gang og tørke klær og gå på do. Evt kan doen stå midt på svaberget.



06:26

image: [download](#)


Utleie.

Viktigast i dette bygget blir bevegelsen frå vegen/land, igjennom bygget og ned på vatnet. I første plan ligg cafe på høgre side, og utleige på venstre. Ein kvalitet eg tek med meg er at du kjem inn og kan sjå ned på vatnet med ein gang.

Andre plan. Du kjem inn og ser vatnet nede, og folk som legg inntil i kajakk. Du vel høgre - cafe, eller venstre - utleie. Så kan du gå ned under og finne deg ein kajakk. Rommet under er berre 150cm høgt under taket på dei verste floane, medan på dei verste fjæredagane kan bli 4,5 m høgt under taket.

No synast eg det funkar bra, men eg noterar meg at cafe og utleige er adskilt. Dessutan trappar begge ned til vatnet. Dessutan ser det ut som det er dører og klimatiserte soner. Eg vil sjå om det er bra og interessant med eit bygg som kan vere meir opent, med kjerner som kan lukkast. Slik vil cafeen bli meir integrert i utleige og motsatt. Slik kan nedtrappinga med sitteplassar kanskje kombinerast med nedtrappinga kajakkane treng, og då droppe det sjølvregulerande

nivået. Slik unngår ein at dette blir eit lukka bygg mesteparten av året og opent berre sei 10-18 resten av året, for så å låsast og greier. Dette trur eg kunne ha vre spennande å jobbe med.



06:00

image: [download](#)

Naust.

Ein spennande typologi og spennande møte mellom materiale og natur. Då eg spente opp hengekøya under naustet på Ramsøya på min andre tur til Vingsand kjente eg at akkurat det var kjernen i prosjektet. Slik ein oppleving er spesiell, enkel, og den krev noko av deg.

Så kva er eit naust? Det er ofte ein konstruksjon i kontakt med vatnet, som er dekt med tre og raudfarge for å stoppe ver.

Kanskje kan det vere ein typologi som kan gje ein del svar, men om eg skal bruke han er det nokre endringar som må til. Viktigast er det at naustet bør sjå opent og inviterande ut. Ein bør skjøne kjapt at naustet ikkje er privat, men er der for å brukast av folk. Til dette er det mange svar. Eitt av desse er å gjøre fasaden meir transparent.



07:32

25th Oct 2013

tags:

<http://vannstand.no/index.php/nb/tidevann/5-fakta-tidevann-i-norge>

image: [download](#)

Når fjæra kjem til Håmannvika, kjem det til syne eit skipsvrak frå 60-talet. Tidevatn er noko som er tydeleg der oppe, med forskjellar opptil 3 meter. Dette må eg ta med i design-prosessen. Eg vil bruke det som ein bestemmande faktor både når det gjeld å kome seg opp frå kajakken og vatnet ute i området, men også når ein skal leige seg ein kajakk og legge ut frå sentrum.


Mogleg eg kjem til å bruke lågaste astronomiske tidevann (LAT) og høgaste astronomiske tidevann (HAT) som begrep framover.



07:11

Eg har sett litt på kva naust er og kom til å tenkje på at Peter Zumthors Steilneset-struktur kan tolkast som eit slags omvendt naust(og mange andre typologiar) med tanke på hud og konstruksjon. Det meste som blir bygd har ein konstruksjon som er kledd med ein "verhud", mens konstruksjonen ligger utanpå huden i Zumthor sitt prosjekt.

03:34



øverst: prinsipp for korleis overnatting kan skje i lita hula(ved i
Lillehallen ved Dronninghula.)

under: Før midtsemester prøvde eg å utforske kva eg kan gjere i den
store hola. Snitt fungerer greit, men det blir vanskeleg å seie om det
blir noko betre enn det allerede er. Bakken er ok å gå på, noko
program anna enn det eg har lagt ut skisse på før er ikkje nødvendig
osv. Eit midlertidig film-, musikk-, teater- eller kunst-visningsrom
kunne vore midt i blinken trur eg. Så kva trengs? Trengs det ein sti
der? sitjeplassar? Ein plass å lagre noko?

Kanskje, men dette er ikkje topp prioritet.Eg og Fredrik snakka om å
lage ei prioriteringsliste. No skal eg prøve å setje opp ei rekkefølge
over kva eg skal designe og utforske, og så gjøre det.



10:44

24th Oct 2013



Veiledning med Fredrik.

Vi prata om midtsemester og vegen vidare.

Bra å fokusere spissare på brukarbruppe, gjere det meir krevande.

Bra å fokusere enda klarare på vatnet og opp, vatnet som trafikkåre.

Analysene er mange nok og bra nok, no skal det produserast.

Eg tok opp at eg synast det er vanskeleg å projektere i hola. Viste skissene mine i snitt, og biletet over av hola i Slovenia. Golvet i denne hola er jamna, og ser ut som eit byrom, og ser veldig lite spennande ut å utforske. Scorer därleg på utforsking-skalaen.

Kanskje eg ikkje skal gjere noko i det heile tatt? berre utafor. Ein sti opp til hola kunne vere ein ide, som analysene mine seier, så er det vanskeleg å ta seg opp her.

Heile prosjekteringa mi til no har dreid seg om å legge signifikante strukturar på mindre signifikante stader. Litt dumt ord det der, men samma det. Og då mindre signifikante strukturar på stader som er meir signifikante. Altså: eg prioriterar ikkje holene. Dei er fine frå før. Kanskje kan det bli noko der etter kvart.

Eg vel dei fire plassane eg synast er mest spennande, ser på kva eg har funne ut om vind, sol, temperatur, materiale, kvalitetar på stedet, siktlinjer, arkitektur på stedet, dybder, og ikkje minst program+bruikergrupper. Dette skal knas og komme ut som prosjekt.

Plan: korte fristar og intens prosjektering, for så å evaluere.



07:47

tags:

<http://www.heidelbergcement.com/no/no/nordfosen/home.htm>



Øverst


Pukkverk innerst i Hopen.

Nederst

Klippa og vika der eg vil lage kajakktrapp, og kanskje bruke betong frå
pukkverket ein kan sjå i bakgrunnen.

07:39

image: [download](#)



Vindanalyse.

Sjøkartet viser at det er grunt der eg vel å legge ny kontakt med vatnet, som er representert med raud prikkar. Vinden er

overraskande lik heile året. Dominerande vindretninga er frå sør og nord-nord-vest. Området er stort sett veldig skjerma frå vind og bølgjer. Det kan bli litt bølger og vind sjølv sagt, men det verkeleg heftige veret blir i stor grad stoppa av grunner og skjær.



07:01

image: [download](#)

Chang kong. Kina.

For 700 år sidan bygde munkar denne stien for å söke dei udødelege. I dag er stien ein stor turistattraksjon, men framleis må ein vere i god fysisk form for å ta turen. Ein må og gå og söke opplevinga sjølv. Eg likar det.

← *Back*

PAGE 5 OF 12

More →

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

archive

random post

subscribe





06:48

24th Oct 2013


image: [download](#)

Claes Dymling har peiling på naust og brygger. I boka om brygger står det bl a kva som gjer at ei brygge kan tåle is, bølgjer og vind. Ifølge lokale blir det aldri is på fjorden der oppe, men forankring, verbestandighet og noko som tåler bølger er viktig å få til. Boka om båthuset kan gje mykje inspirasjon. Prinsippet er enkelt og universelt; ein kjem med båten, tek han under tak, og kanskje sov i huset..? Eg har bladd litt i dei og det er spennande lesning.

06:31




Sti-analyse for Hallvika og Hopen. Lyseblå-lett, til fiolett-vanskeleg, til raud-umogleg. Eg vel å ikkje lage sti der det er blått, for å behalde det utforskande, men framleis gjere opplevingane tilgjengeleg ved å lage sti der det er raudt. Eg er enno litt usikker der det er fiolett, samtidig kan det vere ein fin måte å lede folk inn på ein sti eg meiner er spennande og kan forsterke opplevinga. Der eg har merka fiolett ved bygga i Hallvika er det to bekkar, der kan eg lede folk forbi husa og samtidig skifte retning mot bulderet. Eg synast det kunne vere fint å gå mot hola, for så å bli leda mot bulder og aktivitet. Kanskje kan folk bestemme seg for å ta ein stopp her på veg ned og prøve litt buldring. Samtidig får dei fokuset bort frå hola. Etter kvar kjem du inn på samme retning, rett mot hola. Her kjem holetaket over deg. I morra skal eg ha veiledning og då vil eg prøve å finne ut kva for plassar eg vil ta for meg. Eg har seks veldig spennande stader eg har byrja å analysere, men eg synast dette blir vel mange..



05:43

[image: download](#)

Eg har prøvd å setje materialet i system for meg sjølv. Robusthet ift tid og vann, letthet/midlertidighet og kva for tilknytning det har lokalt.



05:37

[image: download](#)

Fant ut at det er ein del skipsvrak dei dykker på ute ved rauskjæra og lenger nord mot buholmråsa. Dette kan gje hint om materiale og form, og kanskje programmering.



05:03

image: [download](#)

Nasjonale turistveger.

Prosjektet vart sett i gang i 2001 då vedtaket frå Stortinget kom. Intensjonen var å gjøre (bil)ferie i Norge enda meir populært ved å bruke arkitektur. Evt akupunkarkitektur. Vi styrker fine plasser og gjør det veldig spennande å kjøre veger i verdas finaste natur, og nå noko av verdas finaste arkitektur. Dette prosjektet av Reiulf Ramstad Arkitekter fekk akkurat betongtavlå for 2013, ein pris som heng høgt

blant arkitektur i Norge.

Prosjekta er godt anerkjent i verda, og viktige for norsk oppfatning av arkitektur. Dei er noko å vere stolte av.

Men kvar er pengane/vedtaka som gjer at vi har prosjekt i lokalmiljøa? i distrikta for folk, og som aktiviserar? Dette er det dårlegare med. Kanskje det kjem. For her har vi eit stort potensiale. For turisme, for å gjere det attraktivt å reise hit, ha hytte her og kanskje til og med flytte hit.

04:38

Mldtsemester

Da er den over. Eg ville få fram historia, bakgrunnen for oppgåva. Så at eg har studert kvart område for seg, for å prøve å fåp tak i kvalitetane. Deretter at eg har valgt nokre område som kan representere det eg meiner er viktigast/mest interessant å sjå på i området; nemleg korleis vi forheld oss til stor og lita hole, klippe/utsikt, møte med vatn og korleis ein forbind desse.

Eg gjorde ein “feil” og tok inn den store modellen. Dessutan prøva eg i presentasjonen å halde meg til ein introduksjon, men det blei mykje tilbakemelding og fokus på modellen. Eg fekk mykje bra kritikk på han, f eks at han er for lik dei turistvegprosjekta, noko eg ikkje ville. Mange av desse prosjekta er fantastiske, og veldig viktige for Norge, men eg vil skape ein aktiviserande arkitektur. Ein som krev litt meir av brukaren. Eit forslag frå veilederane var å sjå på om vatnet kunne vere 100% trafikkåra eg brukta. På mange måter slik eg har tenkt (sida det er ein kystkommune og at ein kayak aktiviserar mykje meir enn ein bil), men eg har også hatt intensjon om å favne om mange forskjellige brukergrupper.

Kanskje det er på tide å forenkle og spisse oppgåva.

Lenge har eg tenkt at turistane bruker landskapet, og lokale i sentrum. Hovudsakleg. Men etter at eg gjorde den eine store leirplassen i Hopen om til mindre overnatningsplassar med fokus på opplevelse og mindre på overnatting er dette like mykje for dei lokale! I denne prosessen har eg gløymt å ta med dei lokale i brukergruppe-skjemaet. Dei burde ha vore der heile tida, men no er det endå viktigare.

Det vart også tatt fram om kor mykje eg har tenkt å fokusere på dei andre turistgruppene som dykkerar, fiskerane og basehopperane. Til no har eg hatt det i skjema og ikkje kommet så veldig mykje lenger


enn det, og basehopperane har eg ikkje teke stilling til sida desse er så få i forhold. Men kvifor ikkje?

Så stien da. Med stien ville eg gjere klippa i Hopen tilgjengeleg. For alle som kom dit med bil(og båt/kajakk). Men den blir veldig voldsom, i alle fall slik den ser ut no. Eg likar at han endrar karakter, fra snirklande ned gjennom megalittisk røys til flatt over eit bølgjande landskap, ut til intet utfør klippa, så ned til utkikkspunkt, vidare ned langs veggen til overnatting/utkikkspunkt, og ned til vatnet og kajakktrapp. Sjølv om intensjonen min var å ha gelender på sida inn mot fjellveggen for å gjere opplevinga større, er det framleis mogleg for bestemor å komme seg dit. Mogleg eg må endre litt på intensjonen min, noko som kan gjere det enda meir spennande for meg å jobbe med dette. Lage meir hint, og framleis gjere det meir tilgjengeleg, men ikkje SÅ tilgjengeleg. På denne måten blir det mindre inngrep, meir spennande, og meir aktiviserande. og billigare.

Eg har tenkt på å berre gjere stien der det trengs, og kanskje berre der det virkelig trengs. Eg synast eg kom på mange gode argument FOR å ha sti, f eks opp til hallvikhola, men kanskje eg har enda betre mot. Og kanskje eg kan klare ein del faktorar FOR, ved å gjere andre ting. Hinte med strukturar i landskapet f eks.

08:37
17th Oct 2013

image: [download](#)



Ankomst Hallvika
Buldre på veggen. Stupe frå taket.

Kajakk på høgre, båtar på venstre.

Flytande brygge om dagen, flytande soveplass om natta.

To byrjingar på stien opp mot hola.



08:37

image: [download](#)

Hopen: Å sove i veggen.

Kven har vel ikkje blitt fascinert av telt og senger fjellklatrerar
spenner opp i fjellvegger? Eg vart i alle fall det, og ville hedre
klatresporten, og ikkje minst sjølve klippa ved å legge overnatting her.
Det eg meiner er den klaraste karakteren med Hopen er den 30 meter
høge klippa. Å overnatte her er noko eg kunne tenkt meg. At ein kan
sjå det frå Vingsand er ein bonus.



07:06

image: [download](#)

El camino del Rey

Ikkje heilt ulikt stien ned frå klippa i Hopen. Spennande å gå her skulle ein tru. heller ikkje noko rekkverk, berre ei line å sikre seg i på innsida. Noko slikt kunne eg tenke meg å gjere i hopen!



07:02

image: [download](#)

Stien

Sjølve stien vil eg komme tilbake til. Eg synast det ser ut som stål, men eg trur det og kunne ha vore kult med tre, som eg laga collage av tidlegare. Heilt nede ved vatnet bl a kunne det og tenkast å brukt betong for bedre å stå imot kreftande frå havet, både bølger og fukt. Is er det ikkje noko av i fjorden ifølge Torstein Eide, men straumar og ver er ikkje sjeldan kost.



06:55





Klippa

Går frå vegen, ned på stien. Rett mot Vingsand. Rett mot klippa. Ut på tuppen går det ned. Utsikt. Langs bergveggen. Overnatting. Rastepllass. Utkikkspunkt. Tilbake til stien og vidare ned. kajakk og trapp ned i vatnet.



12:32
16th Oct 2013







HULA
VANNET
KLIPPEVEGGEN
STI
BULDER
SENTRUM

Korleis er forholdet mellom desse og arkitektur? Kva skal ein designe og bygge, om ein i det heile tatt skal det?

Mi oppgåve handlar om å finne ut kva for potensial vi har, og å legge til rette for å ta det i bruk. Både på mindre plassar og i byer er dette ekstremt viktig.

I området rundt Vingsand har eg funne ut at potensialet for buldring, hulesafari, kayaking og generelt sightseeing er enormt! Eg vil gjere det enda enklare for folk å ta i bruk området og legge til rette for møte mellom forskjellige grupper. Eg vil også behalde muligheten for å utforske ukjent terreng eller sove på ei øy alene.

Eg vil bruke neste del av tida mi på å sjå på nokre få alternativ av uendelig mange å ta i bruk holer, sjøen, bulder og sentrum.



06:12

15th Oct 2013

tags:

<http://www.pontona.no/flytende-bolgebrytere/8/flytende-blgebrytere-type-sf-400-serien/>




I dag har eg tegna på brygga ved Hallvika. Sida det kan bli strøm og bølger er eg i tvil om kva som går an. Eg byrja å tegne program som flytebrygge, men lura på om det kanskje blei mykje bølger å ta imot for. Men kva med tidevatnet, kan det ikkje vere bra om kan sjå vatnet gå opp og ned, så du merker tida? Ein heilt anna situasjon når du sør enn når du vakner?

Dette skal undersøkjast nærmare, men eg fann ut at eg kan velge. Desse flytande bølgebryterane frå pontona er betongelement, 1,8m høgde og 4m breie. Dei klarar biffen frå åpent hav, så då skal det gå her og.

05:18

image: [download](#)



Prinsipper for møte med vannet i Hallvika.

1. For det første ser eg nødvendigheten av brygge for å kunne legge til trygt med båt i vika. Å legge båten på stranda når ein ikkje veit om det er flo eller fjære kan vere skjebnesvangert. Å dregge opp utafor i ei grunn vik kan vere like ille. Derfor meiner eg midt i vika er best å

legge seg, med tanke på at ein kjem raskt ut i litt djupare vatn.

2. Torstein Eide, kjentmannen og buldrepioneren eg prata med då eg var der, meinte Hallvika var ein skummel plass når det var fralandsvind og at det kunne vere ein del straum i vika. Derfor må eg vere nøyne på kva slags konstruksjonar eg legg uti vatnet. Dessutan kjem dei verste bølgene rett frå der utsikta er. Som vanleg. Det er stort sett skjær, større eller mindre, langs heile horisonten, men likevel må ein ta høgde for bølger inn frå denne retninga, i tillegg til straumane.

3. Det har liggi ei heilt standard flytebrygge her før, men Eide meiner det skal mykje til for at ho ligg der heile året. I hvert fall med ein vanleg design, ei som stikk ut. Ho vil bli dytta på frå begge sider og herja med.

4. Eg vart inspirert av slik ein skal legge ein båt mot bølgene, og lurer på om ein baugform kan fungere. Slik kjem og straumane i vika til å få dårleg med tak på brygga, då dei bare kan stryke inntil og utover igjen.

5. Eit prinsipp som kan brukast på brygga om sommeren. Ein kan buldre langs veggen på (heile) brygga og dett ein så blir det dukkert.

6. Brygga må ha tak, i hvert fall nokre plassar. her kan ein bruke taket som stupetårn for svette buldrerar, slitne kajakkerar, dovne hulesafariar osv.

Sti opp til Hallvikholia: Pros and Cons

13:58

14th Oct 2013

PROS

- Knytter sammen hula og vannet, som er det eg vil.
- Sparer planter og røtter, som er det grunneierene vil. Enten om den ligger rett på bakken og sparar resten ved at folk bruker stien, eller at den ligger over bakken og sparar alt.
- Knytter og alle funksjoner på veg opp til hola sammen.
- Enkelt grep for å få publikum til å gå ønska veg utanom eksisterande hus.
- Evt ta stien inn på tunet og integrere husa der.
- Lettare å ta seg opp til hola(og det andre).

- Kan vere tungvint utan når det er arrangement(mange folk, skilting osv)
- Stien kan og forme funksjonane.

CONS

- Dyrare.
- Meire inngrep i naturen.(MEN planteliv spart ved sti)
- Kan få mindre følelsen av uberørt natur, av å utforske.(MEN det er masse annet å utforske.)

For dei andre plassene blir det litt annerledes, men mykje er likt. Eg vil ta alle kvar for seg.

[*← Back*](#)

PAGE 6 OF 12

[*More →*](#)

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)

[random post](#)

[subscribe](#)



10:08

14th Oct 2013


image: [download](#)



Stien

Dette er stien som går fra Vingsand og over til Håmannvika. Her er det både grass, jord/skogbunn, og grus lengs vekk. Grusen er bare lagt der det trengs og gjør det greit å gå på stien når det er vått. Mange plasser må eg ta standpunkt til kvar eg vil at folk skal gå. Nokre plassar kan eg bruke stien som bru over utilgjengeleg område, andre kan eg bruke den for å forhindre at folk går utanom stien for å beskytte planteliv. Nettopp plantelivet blei tatt opp då eg var på møte med grunneiere av bl a området ved Dronninghola. Dei var bekymra for at meir ferdsel i området kunne skade røtter og planter, og eg vil sjå nærmare på kvar dette er nødvendig og ikkje.

09:58



Skisse Hallvikhola. Hola er eit naturleg amfi, med god akustikk og fin

å lyssetje for både film, teater og konsert. Kanskje kan publikum sitte på buldrematter. perfekt midlertidig og for det steinete skarpe underlaget.

nederste bildet er fra fjellfilmfestivalen i 2012. Den er i midten av september ved Turtagrø. Her er det klatring, klatrefilmpremierer og hang out. Kanskje kan festivalen ta turen til Vingsand om noen år?

<http://www.norsk-klatring.no/Inspirasjon/Film-og-klatring>.

Plan

06:25

Ei uke til midtsemester. Kva skal eg bruke den på?

Eg har kommet langt i analyse av alle dei åtte plassane, og kva eg ønsker meg på dei forskjellige plassane. Kva som er spesielt med dei, og kva eg må gjere for å understreke, utnytte og evt forsterke dette.


Nokre plassar vil eg gjere dette i form av overnatting, nokre plassar eit fullverig bygg og andre plassar meir ein heilhet.

For å komme langt fram til midtsemester og kunne få tilbakemelding så konkret OG omfattande som mogleg vil eg plukke ut berre nokre plassar og jobbe med dei. Enkeltkvalitetar i desse kan brukast på fleire prosjekt. Eitt prosjekt kan t o m bare vere ei skisse. Kva er spesielt og kva vil eg gjere med det? f eks ved dronninghola vil eg vurdere å legge overnatting inne i holene. Bare hengekøy som ein spenner opp i fester som er nett slik som klatrerane brukar.

Innlevert materiale ferdig fredag kl 19.00:

Plan og snitt for sentrum med fokus på utleiebygget, snitt og plan av hallvik, snitt og plan av hopen.


Skisse av karakter på raudøya og ved dronninghola.



06:06

image: [download](#)

Stabling er interessant og kan også fungere som ein slags assemblage.





06:04




image: [download](#)

Eg fekk også tid til å skisse modellere litt forrige uke. Her har eg prøvd ut å stable, og testa ut åssen det kan brukast/opplevast i forskjellige skalaer.



05:15







Etter analysa fant eg ut at eg bør leggje kajakkutleia inni vika, men at eg godt kan legge overnatting ute på odden. Her har eg dei seks forslaga eg syns blei mest relevant.

Den nederste av desse syns eg oppfyller kriteria best, men eg trur eg vil ta med den over også med meg vidare.

Den er synleg, ein ser han strukturen med ein gong ein kjem til Vingsand. Den har god kontakt med vatnet, tek ikkje opp noko tomt som er bra for mykje anna, den ligg langt nok inne til å gje plass både til bruk av stranda og for båtar inn og ut av havna.

Programmet i denne har eg kommet fram til i skjemaet som fortel om kva som er kor. Her blir det drikke/matservering, kajakk- og bulderutleie, kajakk-sjøsettingsplass, visningsrom/informasjon og div lager og do-greier.



04:48

image: [download](#)



En del av uka gjekk med på å gjøre denne researchen. Eg bestemte meg for at eg hadde gått fram for fort. Dessutan lika eg veldig godt å

jobbe så systematisk som eg gjorde med brukergrupper og kva som er kor. Slik kom eg fram til at eg burde jobbe med alle 8 plassane heilt frå bånn. Kva for kvalitetar har dei? kva er spesielt med akkurat denne plassen?

Eg fullførte berre for seks av dei, og eg vil tegne vidare på endå færre, berre 3 eller fire for å komme så langt som mogleg til midtsemester.

Så får eg heller hente opp tråden igjen på dei andre etter midtsemester.

Som sagt, prøve å setje fingaren på ein spesifikk kvalitet og bruke den. I sentrum f eks har vi ei aktiv fiskarhavn, som dessutan er skjerma av sjøen. her kan nybegynnarar få ein fin introduksjon til kajakpadling. Men det er ikkje mange ledige tomter, i alle fall ikkje om eg skal legge meg på den aktive sida..

Ny uke

04:35

Ei uke til midtsemester. Nå er det ei stund sida eg blogga sist, det blei ganske hektisk og god flyt forrige uke. Men eg vil oppsummere ein del i dag kva som har kommet på plass.

05:02

8th Oct 2013



image: download



Kva er på dei ulike plassane?


Eg har laga eit skjema som viser kva eg tenkjer å ha av program og fasilitetar dei ulike plassane. Dette kan hjelpe meg vidare med å sette premissar og lage arkitektur. No skal eg prøve å finne karakteristikkar for alle stadene.




04:55









Dei siste dagane har eg jobba mykje systematisk med å finne karakteristikker og kva som trengs på dei forskjellige plassane. Desse illustrasjonane fortel om kvar eg tenkjer å legge sti, dei blå sirklane symboliserer eksisterande attraksjon, mens dei med svart i fortel om eit program.



10:53
7th Oct 2013





Naust på Ramsøya

Barduner i bakken. Stokker tilpassa berget. Høyde tilpassa tidevannet.
Fint rom under under visse omstendigheter. Lunt og beskytta rom
oppå, klar for all slags vær.

Ramsøya og Håmannsvika - UT.no



08:48
4th Oct 2013


Med havkajakk. Ramsøya var i sin tid et sentrum i Osen med dampskipskai, butikk og poståpneri. Fiskemottak hvor det ble laget tørrfisk og klippfi...

Dette er eit turforslag skrive av Anja Hepsø som eg har hatt kontakt med i Osen. Her står det om då Ramsøya var handlesplass og møteplass nummer 1 i kommunen. Mange fine plasser å padle kajakk der du ikkje kommer til med båt, og masser av historie ute på øya. Bl a ei hule oppe ved buldrepllassen eg var då eg var på besøk.

Torstein Eide kunne fortelje om at det to plasser på øya er planlagt å bygge ut nye brygger slik at hurtigbåten kan legge inntil.

08:04





Veiledning med Fredrik og skisearbeid denne uka.

Andre veiledning. God tone. Mykje konstruktivt. Vi snakka om ideen om å bruke tidevannet som en arkitektonisk faktor, noe som ga bygget liv. Fredrik meinte det kunne bli vanskelig å la veggene gå opp i hverandre for å ta høyde for flo og fjære, men at en vegg utafor ein anna kunne funke. Altså ideen kan funke, men det må gjøres enkelt.

Eit viktig tema var og i kor stor grad konseptet går igjen i alle strukturar. Eg har tenkt at det bør vere eit uttrykk som går igjen i alle strukturar ute i landskapet, medan strukturane i sentrum kan slekte på desse men vere annleis på mange måtar. - Kanskje er materialet aleine tydeleg nok?, spør fredrik. “Å gå rundt og finne fleire strukturar med samme fancy design er noko eg forventer i ein park”, seier Fredrik, ikkje i naturen.

Eg vil la dette vise seg utover hausten.

Skissemoddellene eg laga denne veka, som alle består av vertikale bord av tre synast han var ein god ide. Det kan brukast til å løyse mange utfordringar, som f eks rullestol/barnevogn-tilgjengelighet om det er aktuelt(nederste bilde), konstruktivt bra med høgtståande bord i lengderetning, og bra for vannavrenning. Vidare er Konstruksjonen

bra for å bevare naturleg vegetasjon under.

For vidare arbeid foreslår Fredrik å jobbe med alle plassane eg ser for meg. Eg har jobba med 2,5. Dermed 3,5 som ikkje har noko konkret.

Til midtsemester vil eg ha strukturar på alle.

Tirsdag: Hallvika ferdig. jobbe med brygge + overnatting + *hole*

Torsdag: Raudøya ferdig. brygge + fyrruin + bulder


Mandag: Dronninghula ferdig. brygge + sauna + *svaberg* + hole

Onsdag: Hopen ferdig. overnatting + sti + brygge

Fredag: Ramsøya ferdig. brygge + bulder

Mandag: Sentrum ferdig. kajakkutleie + cafe?

Fredag: Plansje ferdig.




08:26
1st Oct 2013

image: [download](#)

I sentrum har eg sett på korleis bygget møter vannet. Med kajakkutleige i samme bygg, og med tidevatnet, kva skjer med høgder og endring i vannstand?

Med kajakk kan ein vere fleksibel, då ein berre treng ein meter høgde for å komme seg ut under ein vegg. Ein vegg som det på det mest ekstreme kan vere opp mot tre meter meir andre tider på døgnet.

Eg vil sjå på moglegheit for å la planet vere fleksibelt og gå opp mot neste plan.



I dag og i går har eg sett på brukergrupper. Det var godt å få litt oversikt, og kanskje dette kan gjøre det lettare for meg å ta riktige valg i tda som kjem.

[← Back](#)

PAGE 7 OF 12

[More →](#)

bulder


kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)

[random post](#)

[subscribe](#)



08:13

1st Oct 2013

image: [download](#)

Når vi bygger i naturen er det viktig å ta hensyn. Vi er gjester, og vi er midlertidige. Både reisa vår, og våre strukturer. På Vingsand har det sett ut som det gjør nå i århundre, om ikkje årtusenar. Skissa over viser stien i eit tidsperspektiv, der vi bryt inn i ei tidslinje utan byrjing og utan slutt, og gjer krav på ein brøkdel av ho.



07:27

27th SEP 2013

image: [download](#)

Prøver å utforske korleis stien med ståande plankar kan relatere til ein struktur i sentrum. Eg begynte heilt streit, med eit langstrakt prisme, og prøvde å dra i hjørna. Her trur eg det er bötter med potensiale! Det kan gå an å bruke konseptet for å komme seg ut i vatnet, og lage mindre ting som benkar, bord osv.

Eg trur eit *rådhus* kan ta seg fint ut i ein rammestruktur. Det blir spennande å sjå på kva for rom og funksjonar rådhuset kan innehalde. Eg trur det kan vere lurt å lage eit skille mellom det og kajakkutleiga, samtidig kunne det vore kult med kajakk og buldring inni rådhuset som ein slags statement. Og kanskje eit galleri? evt fiskeutsalg? omg, her er det mange muligheter!



12:26

26th SEP 2013

image: [download](#)

Har ein del ideer for sentrum som eg vil prøve ut i modell.

Begynte å lage modell i går og kom godt i gang. Det tok litt lenger tid enn eg hadde trudd, men eg er fornøyd med å ha ferdig landskapsmodell då eg gjekk heim i dag. s1:500 av sentrum.

Kommunar gjeng mann av huse for å kjøpe seg kulturhus. Eg skal ikkje seie at det alltid er noko tull, men eg trur det hadde vore mykje bedre om kommunane, i stedet for å kjøpe seg ein svindyrkt kulturhus som alle andre i stedet såg nærare på kva for potensiale dei har i kommunen og korleis utnytte det!


Det handlar oppgåva mi om. Derfor synast eg det er viktig å ta tak i det som er potensialet på den aktuelle plassen, i mitt tilfelle buldring, holer og kajakk, og gjere det tilgjengeleg og synleg og attraktivt.

Derfor vel eg å leggje noko ute i naturen der holene, buldera og skjæra er, og knytte det saman til sentrum. Tomta i sentrum bør vere synleg og tilgjengeleg. Det viktigaste for programmet her er at det skal gje

noko tilbake til alt det andre programmet som allerede finst her.

Derfro skal eg velge tomr i morra som skal svare på dette.

over og ut-



06:52

25th SEP 2013

image: [download](#)

Litt meir realistisk uttrykk på stien i dag. Og meir meinig:

Første del frå vegen går i siktlinja mot Vingsand. Så knekk den hit og dit for å komme seg gjennom steinpartiet, for så å komme inn på siktlinja igjen. Deretter buktar den seg gjennom skogen for så å komme ut på klippa.

Neste veke vil eg sjå på om stien kan bli romleg og omfatte programmet, eller om det bør vere ein anna struktur.

Eg vil og sjå på kva slektskap dette har med struktur(ane) i sentrum.



12:14

24th SEP 2013

image: [download](#)

Har skissa en del i 1:100 modellen i dag. Hovedsaklig sett på kva dei tre forskjellige elementene som ligg inntil stien er og korleis dei kan stikke seg vekk gjere seg meir private. Utkastet på bildet blei litt rotete syns eg, og eg må prøve å finne ut kva stien er, om og i tilfelle korleis stien kan forme programmet.

Eg ser nøyere på stien og finn ut at den er der for å gjere området **tilgjengeleg**, gjere attraksjonane mm **synleg**.

Tilgjengeligheten på stien deler seg opp i fire:

- for å komme seg over ulendt stein/kratt-terren
- for å komme seg igjennom (mindre) ulendt skog
- for å komme seg ut på/evt ned klipper og berg
- for å komme seg ut på vatnet og ned i kajakken.

Eg finn ut at eg må renske opp og sjå nærmare på stien. Eg trur den kan gje inspirasjon til det andre, òg i sentrum.

05:17


tags:

http://www.pushak.no/pushak_project.php?projectid=31

image: [download](#)



Eg har vore inne på seilduk/telt/ein veldig lett konstruksjon som kontrast til holene, men fann ut at det rett og slette r for verhardt der ute. Det blæs for mykje. Likevel var det moro å finne denne teltkonstruksjonen av Pushak. Prosjektet vant konkurransen om Sjunkhatten nasjonalpark for et par år sida.



13:02

23rd SEP 2013

image: [download](#)

Endeleg er modellen ferdig. Ca like lang som meg, 182 cm, 83 cm brei

og ein halvmeter høg. Eg har brukta kart, flyfoto og mine egne bilder for å få modellen så nøyaktig som mulig. Dei store kampesteinane er på plass, og modellen er klar for å skissast i.

Modellen er tredelt, ein kan sjå eine skjøten akkurat på toppen av klippa. Den midterste laga eg først. Så fann eg ut at eg ville ha resten av kystlinja for å vise kvar sjøen kjem inn. Etter kvart som eg fann ut at stien mellom vegen og klippa kom til å bli såpass viktig fann eg ut at den måtte og på plass. Den største skissemmodellen eg har laga nokon gong! Einaste som kan vere greit å ha er skog.

Etter å nøyte kjenne etter magefølelsen og argumentering med meg sjøl har eg funne ut at eg vil legge overnatting fleire plassar med fleire kvalitetar. Mange tema blir tekne opp til drøfting i hovudet mitt frå tid til annan. Då kan det vere greitt å få det ned på papir for å sjå klarare og komme seg vidare.

11:56

Overnatting i landskapet gir eit heilt anna opphold i området, og det er naturen det handlar om. Eg har tenkt at eg skulle velge eitt alternativ for spisse oppgåva, men kanskje kan det vere spennande å bruke sentrum som ein mogleg overnatningsplass.

Å “desentralisere” overnattinga blir ikkje folk tvinga på kvarandre på same måten, men kanskje det er greit. Det er jo også for stillheten og naturen at ein reiser hit.

Eg må ta standpunkt til kva for komfort det skal vere både i sentrum og i basane utafor. Klimatisert, oppvarma og dyrt, eller enkelt og lavbudsjett?



10:27





Hotel Canvas i Treungen.

Sykkelhotellet har fått til fleire av kriteria eg satsar mot. Det legg godt til rette for stisykling, som området allereie har mykje potensiale for. Stiar og hengebruver i tre er konstruert og bind saman enorme område med blankskura granitt som er perfekt å sykle på. Området er aktivisera og gir og mykje tilbake til plassen i form av sykkestiar. Dette er med på å gjøre kommunen meir attraktiv for innflytterar og ikkje minst hyttefolk. Begge grupper er viktige for å halde liv i kommunen.

Hotellet består av mongolske yurter med 2 eller 4 senger inni, vedovn og tregolv. Felles badstu og kjøkken med spisebord for 20 pers. Sesongen varer fra 1. mai til 31. oktober.

10:11





Følte eit kall i dag, og laga ei abstrakt skisse. Inspireert av stien og utstikkerane prøva eg å tegne fritt utan å tenke på kva program som er kvar, kvar steinar er osv. Berre fritt, det er digg av og til.

Kva er forventa av meg i denne oppgåva, eller enda viktigare; kva synast eg er viktig å få til no, etter 4,5 år med arkitektstudier?

09:34

form

stedstilnærming/tilpassing

god materialbruk

gode rom som passar til program


godt program, og gode funksjonar

Som diplomstudent bør alle desse kriteriane (litt avhengig av oppgåva sjølvsgatt) vere tilfredsstilt i prosjektet. Ein får og sjansen til å lage seg ei heilt eiga oppgåve, som ein har interesse for. Då kjem denne og inn som ein faktor. Å finne noko ein brenn for. Eit tema som kan pushe grenser eller finne måter å bruke arkitektur til å løyse problem. Eg har valt meg ein miks av ein fråflytting-, passivitet- og uutnytta potensiale - problematikk.

Om eg treff med oppgåva vil eg (med forbehold om at dette kan endre seg) bruke arkitektur til å gjere ein liten plass i Noreg kjend, tilgjengeleg og aktiv, bruk av både lokale og turistar. Slik vil eg gjere området attraktivt og snu fråflytting, aktivisere Foseninger og andre trondere i alderen 7-90 år, og vise korleis ein med arkitektur kan gje liv tilbake til distriktet.

Dette er sjølvsgatt vilt optimistisk, men eg vil heller ha høge mål og klare visjonar, så får andre vere pragmatiske og finne ut kva som faktisk kan gjerast.

07:04
20th SEP 2013




Synleg og tilgjengeleg.

To alternativ.

Eg kan legge strukturen midt i krysset. Det blir det første du ser når du ankommer Vingsand. Kort veg til brygga og veldig synleg.

Andre alternativ er å legge seg i strandkanten mot marinaen. Enda kortare veg å bere kajakken til brygga. Framleis veldig synleg og større nærhet til vatnet. Meir slektskap med nausta. Kanskje det kan vere spennande? Begge to er ikkje utnytta i det heile tatt i dag, men ved vatnet er mindre knytta til ein eigedom, og parkeringsplassen bind det saman med butikken, galleriet og dei tsjekkiske rorbuene ute på odden.



05:34


image: [download](#)

I dag vil eg prøve å komme meg videre i sentrum av Vingsand. Eg har tenkt ein del på kvar eg skal legge meg, og har kommet fram til tre alternativ.

Programmet:

- Møtestad/rådhus for folk i området(lokale og turistar).
- Kajakkutleige
- Buldreshop/info
- toalett
- kajakkbrygge
- overnatting?

Det viktigaste for tomta er synleghet og at brygga er skjerma. Eg synast gul og oransje tomt er spennande, men raud oppfyller kriteria klart best. Ikkje berre er den synleg og brygga skjerma, men ein slepp til og med å bygge ny brygge. Det vart nemleg bygd ei fin låg flytebrygge for kongebesøket akkurat der den raude prikken er.
 I ei slik oppgåve trur eg det er viktig å bruke det som allerede er der. Ein liten plass betyr mindre investeringar og mindre bruk. Derfor bør ein legge til rette for at fleire grupper kan bruke fasilitetar, og ikkje bygge nytt om det allerede finnes noe brukbart.



09:59
19th SEP 2013

image: [download](#)

Ned i skala.

I dag har eg bruka den buktande stien med program på sidene og skissa vidare på det. toalett legg eg nærmast vegen, så ei stor pølse med 6 hengekøyeplassar, og til slutt endar det i ein meir kvadratisk boks der eg tenkjer bålkos, mogleg klimaskal og kjøkken. Eg synast 6 "sengeplassar" kan vere nok om eg har overnatting andre plassar og. Så prøvde eg med ei bålplassen på sida på slutten, men synast det er betre at det endar i den. Kanskje den kan vere klimatisert for å få til ei god ende på "reisa".

Noko eg ikkje har vurdert er korleis stien forhalder seg til å komme seg ned til brygga. Er det greit å berre ha ein sti i naturen her? det gjekk greit å komme seg ned då eg var der, så kanskje det er nok?

09:44

image: [download](#)



Laga ein liten rnder i dag for korleis det kan sjå ut, eller dvs meir for å få ideen ned på papir. Ein buktande sti som gjeng nedover, og der plankane står vertikalt for å bli meir luftig, og lettare kunne bere seg

sjølv.

[← Back](#)

PAGE 8 OF 12

[More →](#)

Powered by [Tumblr](#)

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)
[random post](#)
[subscribe](#)



Har bygd på modellen enda en gang. Nå får eg med vegen, og det viktige området mellom vegen og klippa. Skal og få gjort alle steinene til Stein i dag. Litt usikker på om kvitmaling hadde vært bedre, så det skal testes, men trur det er best å holde seg til sparkel over heile. Da blir det så abstrakt som det skal vere.






08:31
19th SEP 2013

image: [download](#)

11:43

18th SEP 2013



Tre alternativ for funksjonar.

Over og under stien.

På sida.

Udstikkerar.

Eg trur det kan vere verdt å sjekke ut kva for potensiale som ligg i å bruke undersida, og bygge over stien, men utstikkerane er eg mindre sikker på. Med tanke på at stien er der for å kome seg lettast mogleg over synast eg det blir unødvendig å leggje noko vinkelrett ut.

Vanskeleg.

Å legge funksjonar på sida trur eg kan funke bra. Dette gjer til at svingane blir understrekt og får kvar sin kvalitet. Det står også mest i stil til det eg har skissa på brygga foreløpig.

11:11



To alternativ for å gjere området nedafor vegen tilgjengeleg.
Enkelt og greitt; éin sti går rett fram, og let seg kutte i av steinane
som ligg der. Den andre snirklar seg imellom.
Den første prøva eg ut som ein collage i går, no vil eg sjå kva den
andre har å tilby..

09:13
17th SEP 2013

image: [download](#)



Kom over dette spanske prosjektet på arch daily. Synes det er ganske stilig hvordan stien går inn i landskapet eller motsatt. Dette grepet ble gjort både designmessig og fysisk mens det ble bygd. Med en gang det kommer en menneskelagd sti/veg av et annet materiale enn landskapet, dannes det gjerne en slags barriere mellom de to. Her er det elegant viska ut, og ein trør naturleg på fjellet. Slik vil eg at ein skal kunne ta på og naturleg hoppe ut på steinane.

08:37

image: [download](#)



Eit alternativ er å legge ein sti av plankar imellom steinane og over krattet. På denne måten kjem ein seg lett til leirplassen, ein får nærhet til naturen, og strukturen øydelegg ikkje bakken. Eg vil jobbe med korleis ein kan kome endå nærmare naturen, og korleis denne strukturen relaterar til programmet.

08:33

image: [download](#)



Plassen eg har sett for meg som leirplass. Hopen.

Då eg tok med ein assistent hit fann eg ut at det er ekstremt utilgjengeleg. mellom veggen og klippa ligg det store steinar tett i tett, mellom dei tett kratt og myr nokon plassar. Eg har skissert på nokre forslag i dag, både korleis programmet kan vere utforma og korleis ein kan ta seg over slik ulendt terren.

10:20
16th SEP 2013

image: [download](#)



Torstein Eide fortel og om fleire bruksområde av Vingsand som er interessant. Han seier fleire han kjenner er veldig entusiastiske når det gjeld dykking i området. Vatnet er klart og det finst minst like mange spennande holer under vatn som over. Dette gjeld både med og utan oksygenflasker.

Ein av desse driv òg med basehopping, og favorittspoten er fra over Hallvikhola. Han har til og med planlagt å leggje ein taustige her. Dykkerar og basehopperar er m a o grupper eg kan ta med i rekkestykket, og Eide var enig med meg i at dette ofte er dei samme folka som driv med kajakk. Men at Brukergruppa og er brei. Ein treng ikkje vie livet til ekstremsport for å nyte ein godversdag på fjorden i

kajakk. Og buldring er ein av dei idrettane i verda som veks fortast.


Vi pratar litt om Stokkøya, og er einige om at det er fantastisk det dei har fått til der. Dei har satsa på arkitektur, aktivitet og lokale råvarer, og fått til masser av velfortjent blest om plassen.

Men Eide seier og at det finst mykje betre både råvarer og aktivitet her. Mykje meir spennande å utforske i kajakk, så mykje buldring du orker, og dessutan ei vital fiskenæring. Fleire båtar er ute kvar dag, og har ikkje lov til å selge rett frå båten lenger. Men om du ringjer kan du vere heldig og få dagsfersk fisk. Fiskarane og turistane har forresten og fått augene opp for kvarandre og både tyskerar og tsjekkerar kjem i hopetal som fisketuristar heile året. Dette er også noko å ta tak i.

Kanskje ikkje for meg, men eg meiner bestemt at turistnæringane kan lære og hauste av kvarandre.

10:03

image: [download](#)



Med Torstein si hjelp har eg oppdatert kartet med atskillig fleire, og meir nøyaktig posisjon for buldrefelta, samt legt til eit par holer.

Torstein såg føre seg at det kunne ha vore bra å leggje ein evt leirplass til hallvika eller hopen. Eg meiner hopen er betre av fleire grunnar.

- Farleg straum i Hallvika når det bles og om vinteren.
- Det går veg til Hopen, noko som gjer det mykje meir **tilgjengeleg**, ein viktig premiss.
- Ein camp i Hopen er **synleg** frå Vingsand. I sentrum kan ein velge om ein vil leige kajakk eller køyre bil bort. Evt båt.

Når det gjeld overnatting vil eg sjå på i alle fall eit par alternativ ute i

landskapet. I alle fall i Hopen. Kanskje også i Hallvika, ved Dronninghola og evt på Raudøya. Nordre.

Eide fortalte meg at nedanfor ein bratt skrent ligg det ofte buldresteinar i dette området. Eg ser dette er sant når eg ser på kartet. På turen til Osen har eg sett mange fleire holer enn det er merkt på kartet, men eg vel å la dei viktigaste vere aleine enno.



09:31







Brorahallen har forbausande like dimensjonar som Dronninghola. ca 20 meter lengde, ikkje like djup, men 4 meter høg den og.

Lillehallen ligg rett nedafor og er mykje mindre. Litt over to meter høg, men fin og flat bakke. I slike holer ser eg for meg at det hadde gått an å bore inn boltar som ein kunne henge opp hengekøye i.

Innerst i Brorahallen på øverste biletet ligg det ei buldrematte klar til bruk. Eg gjetter på at det er Torstein si.



09:29

image: [download](#)

Grunneigaren tek meg med til stien som går til dei to holene eg ikkje visste om.



09:22

image: [download](#)

Då eg var i Osen tok eg kontakt med Anja Hepsø som eg møtte då eg var der i sommar. Denne gongen var det fordi eg lurte på om ho visste om nokon som kunne leige meg ein båt. Planen min var å komme meg ut i Hallvikholia denne gongen, noko eg ikkje fekk til forrige gong. Eg hadde sett av søndagen til dette, men det blåste opp, og både Anja og Torsteinråda meg frå det då det kunne vere sterk straum i vika i voldsom frålandsvind. Eg fekk i staden invitasjon til å bli med på møte

med grunneigerane til bl a Dronninghola. Dei fortalte om at dei godt kunne tenkje seg å leggje til rette for fleire buldrerar, men at det allereie var stor trafikk der. Over 1000 hadde vore der til no i år. Det er dei som laga dei små bruene eg gjekk på ved hola i sommar, og ofte er der skuleklasser og turngrupper osv. Dette er vel og bra så lenge dei rydder opp etter seg, meiner dei. Eg prøver å formidle ideen om å få til ei heilhet i området, og binde saman holer og bulder med kajakk/båt. Dei er positive til å gå saman fleire grunneigerar og prate felles interesser, men eg får inntrykk av at visjonen min ikkje går heilt heim. Dei er veldig pragmatiske og pratar om vegvesenet og hundeposar for menneske som eit alternativ. Dei meiner den beste og einaste moglege plassen for ein leirplass på tomta deira er ein parkeringsplass ved ei bru. Eg blir meir og meir klar over rolla mi. Det er mi oppgåve å få til ein visjon for heile kommunen. Samle alle positive folk til å tru på ein heilhet og “selge” området saman.

Eg får og god oversikt over kven som er grunneigerar dei forskjellige plassane eg har sett meg ut, kven som er positive og negative. Dei fortel at det er to holer til oppe ved Dronninghola, eller Sundahallen som dei kallar den(eller som den eigentleg heiter). Dei forklarar vegen for meg, men mannen bestemmer seg for å vise meg byrjinga på stien sjølv. Trivelege folk!



08:15

image: [download](#)



Hopen er ein plass eg kan tenkje meg å leggje ein leirplass.
Ei fantastisk klippe går frå eit leikent buldrefelt og stuper frå
30meters høgde rett ned i sjøen.
Her ligg det ei lita vik, Styrvika. Eg kan tenkje meg å leggje ei brygge
med moglighet for opplagring av kajakkar her. Det ligg i ly for både
vind og bølgjer og blir fort djupt nok for større båtar. Fleire bilete av
dette kjem etter kvart.



08:10

image: [download](#)

Etter endt økt byrjar det å duskregne. Eg finn meg eit naust og

spenner opp hengekøya under. Nydeleg plass med fine detaljar, sjå korleis stokkane møter bakken!



08:08

image: [download](#)

Eg prøvar meg, eg og. Mindre eleganse og smidighet vil eg gjette på, men moro er det. Eg har alltid lika å klatre, men fokuset til Eide og fru har eg aldri vore nær.

08:01

image: [download](#)



Kona hans glir oppover overhenget som ein katt. Det er artig å sjå på.
Elegant og smidig.

[← Back](#)

PAGE 9 OF 12

[More →](#)

Powered by **Tumblr**

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)

[random post](#)

[subscribe](#)



08:00

16th SEP 2013

image: [download](#)

Eide viser meg ei rute og fortel om rytme.

07:59

image: [download](#)



Me kjem til ein gigantisk stein som kviler på ein anna stein. Under er det “buldreproblem” som dei kallar det. Ein kompis av Eide frå Østerrike var i Noreg i ein månad i sommer for å halde på med eit av dei. Det er klasifisert til 8C+. Stort vanskelegare blir det ikkje.

07:54


image: [download](#)



Dei tre store steinane er målet for turen. Det er bra både å buldre under dei og på sida.

07:32

image: [download](#)





Torstein Eide. Kjend i buldremiljøet i Noreg og ein pionér, dvs pioneren når det gjeld buldring i området her oppe. Han har funne dei fleste områda og gjort dei kjende for fleire gjennom prat og artiklar.

M a dronninghola som var i NY Times for eit par år sidan.

Eg veit han er i Osen og tek kontakt med han. Vi deler mange idear og engasjement for området, og han tek meg med ut til eit buldrefelt på Ramsøya. Med klatreinteressert kone tek han med to små barn og bleieskift ut blant dei gigantiske steinane på øya. Me gjeng forbi holer og spennande fjellformasjonar, sprekker og heller.



07:25

image: [download](#)

Det blir ganske stilig.

Hola er stor, og todelt. Æin del djupare(10m) inn i fjellet, og ein del med bakken to meter høgare(til høgre utafor biletet her). Faklane funka veldig bra, og det vart ein god atmosfære inne i hytta. Eg inviterte Torstein Eide opp, men med 2 små ungar vart prioriteringane annleis.



07:21

image: [download](#)

Eg kjem til hola og fyrrer opp faklane. Eg brukar mindre tid enn eg hadde planlagt opp, ca eit kvarter frå naustet nede ved stranda.

07:19

image: [download](#)



Eg har ankommen Osen. Nærmore bestemt Sandviksodden. Med meg
har eg bl a

- lasermålar
- hovudlykt
- kikkert
- faklar

Forbi meg kan du sjå svaberga opp mot Dronninghula, eller
Sundahallen som eg lærte at den heitte då eg var der. Tidleg på
1900talet skal den nederlandske prinsessa ha vore her og sett hola frå
skipet sitt. Ho uttrykka at ho så inderleg skulle ha vore og kikka på

hola. Prinsessa blei dronning, og Sundahallen blei Dronninghula.
I dag er det ikkje lett å få auge på hula frå sjøen grunna tett
vegetasjon. (Som følge av at det ikkje er sauver der lengre?)

Planen er å gå opp dit og fyre opp faklar inne i hola. Om det hadde vore mindre vegetasjon kunne ein kanskje ha sett det frå denne vinkelen eller frå sjøen. Det hadde vært rått.



13:01
13th SEP 2013

image: [download](#)

Da går turen til Vingsand og HULESAFARI!

08:31


image: download

	26. juni 2013	10.0°	9.8°	12.1°	11.9°	0.0 mm	—	—	0.4 mils	0.4 mils
25. juni 2013	10.4°	10.3°	—	11.4°		2.9 mm	—	—	—	4.4 mils
24. juni 2013	10.5°	10.4°	—	11.4°		3.2 mm	—	—	—	—
23. juni 2013	10.7°	10.3°	—	11.3°		3.7 mm	—	—	—	—
22. juni 2013	12.3°	10.3°	12.8°	11.2°		15.1 mm	—	—	5.4 mils	3.3 mils
21. juni 2013	10.8°	10.3°	14.3°	11.2°		0.1 mm	—	—	0.2 mils	0.3 mils
20. juni 2013	14.0°	10.4°	12.4°	11.1°		0.2 mm	—	—	—	0.6 mils
19. juni 2013	11.2°	10.3°	12.3°	11.1°		0.0 mm	—	—	0.6 mils	2.0 mils
18. juni 2013	14.1°	7.8°	11.2°	11.0°		0.4 mm	—	—	—	2.6 mils
17. juni 2013	11.8°	9.5°	10.5°	10.8°		0.0 mm	—	—	0.4 mils	5.0 mils
16. juni 2013	13.2°	8.5°	11.3°	10.8°		0.7 mm	—	—	—	0.2 mils
15. juni 2013	11.6°	8.7°	10.3°	10.8°		16.9 mm	—	—	12.3 mils	7.7 mils
14. juni 2013	13.1°	8.9°	10.3°	10.7°		0.5 mm	—	—	14.2 mils	7.5 mils
13. juni 2013	18.3°	12.2°	15.3°	10.3°		0.0 mm	—	—	—	15.3 mils
12. juni 2013	13.4°	8.1°	11.1°	10.8°		0.0 mm	—	—	12.3 mils	7.2 mils
11. juni 2013	10.8°	8.1°	9.5°	10.5°		0.0 mm	—	—	—	7.4 mils
10. juni 2013	11.0°	8.1°	9.8°	10.8°		1.6 mm	—	—	—	0.4 mils
9. juni 2013	11.4°	8.8°	10.5°	10.4°		10.4 mm	—	—	—	11.4 mils
8. juni 2013	12.4°	9.4°	10.3°	10.7°		0.0 mm	—	—	—	0.2 mils
7. juni 2013	14.4°	9.8°	11.3°	10.3°		0.6 mm	—	—	—	10.8 mils
6. juni 2013	20.9°	11.1°	15.1°	10.2°		0.0 mm	—	—	—	12.2 mils
5. juni 2013	17.9°	8.6°	14.1°	10.1°		0.0 mm	—	—	—	10.1 mils
4. juni 2013	10.8°	8.0°	9.5°	10.0°		1.1 mm	—	—	—	12.7 mils
3. juni 2013	11.7°	7.8°	9.8°	9.3°		10.1 mm	—	—	—	13.3 mils
2. juni 2013	12.9°	10.7°	11.3°	9.9°		0.1 mm	—	—	—	7.8 mils
1. juni 2013	23.9°	12.8°	13.4°	9.8°		0.1 mm	—	—	—	8.5 mils
31. mai 2013	23.9°	13.0°	16.7°	9.7°		0.0 mm	—	—	—	8.5 mils
30. mai 2013	25.0°	15.1°	18.3°	9.8°		0.0 mm	—	—	—	8.5 mils
29. mai 2013	23.9°	12.9°	13.0°	9.3°		0.0 mm	—	—	—	11.2 mils
28. mai 2013	21.1°	13.1°	15.8°	9.8°		0.0 mm	—	—	—	11.2 mils
27. mai 2013	22.1°	8.0°	16.8°	9.3°		0.0 mm	—	—	—	10.8 mils
26. mai 2013	12.3°	8.8°	9.7°	9.2°		0.0 mm	—	—	—	8.2 mils
25. mai 2013	9.1°	8.8°	7.8°	9.1°		0.0 mm	—	—	—	6.8 mils
24. mai 2013	10.4°	9.4°	8.4°	9.0°		0.0 mm	—	—	—	8.1 mils

Det blåser en del på Vingsand. Nå er dette fra værstasjonen som ligger på Buholråsa heilt ute i det opne havet, men det bles nok ein del innafør og. Då eg har tenkt litt på duk over ein lettare konstruksjon må vindan seiast å vere ein problematisk faktor.

08:11

image: download



Eg var nysgjerrig på tidevatnet i Vingsand. Det har og ein del å seie for utforminga av brygga. Eg fann ut at høgaste i 2012 var 286 den 17. oktober, men at det heile året stort sett kom over 2 meter to gonger om dagen.

05:52




prinsipp for lokalisering av overnatting.

Eg har skissa to alternativ.

1. Overnatting skjer i Vingsand sentrum. I ein slik situasjon synast eg det er naturleg(ikkje absolutt nødvendig) med ein viss komfort. Klimatisert og senger. Det beste med dette alternativet er at folk møtast, både turistar seg imellom og møte mellom turistar og lokale.

2. Eg legg overnatting i landskapet. Fleire ulike kvalitetar. Både ved vatnet, oppå ei klippe og nærhet til naturen. Ein kan vere aleine, noko ein kanskje reiser ut hit for å vere? Nettverket blir meir som ei løype, og mindre tur/retur samme veg. Ein treng ikkje haste med å komme seg tilbake til Vingsand etter endt gåtur/buldreøkt. Men får ein møtt dei lokale? Kanskje kan noko i Vingsand slik eg har tenkt på bøte på dette. Som eit “rådhus”. Dette kan fungere som ein venue for filmvisning, galleri for lokallaget, lesekrokar, kajakkutleige, buldreshop++. Eg synast dette alternativet er meir spennande.

Eit alternativ er å kombinere desse to. primitiv overnatting ute i naturen og meir kofortabel overnatting inne i Vingsand.



05:34

image: [download](#)


Tydeleg og synleg. Integrert i landskapet.

Korleis kan ein kombinere desse to? Er det noko poeng i å ha tårn slik at ein kjem seg opp i eit terrenget som er såpass bratt?

Eg vil sjå om det er betre å vinne høgde ved å legge seg lenger opp i landskapet i staden for å byggje seg oppover i form av eit slags tårn. Dette kan gje den synlegheten eg vil ha. Når ein er bak eit skjær med kajakk, kan ein framleis sjå neste mål i nettverket. Då kan ein og kombinere noko tilknytta hola med eit synleg punkt, som gjer at det blir berre to inngrep, i staden for tre.

Dette kan gjerast på alle plassane, og er derfor ei løysing eg vil sjå nærmare på.


image: [download](#)




Ser på konsept denne veka, ettersom eg har begynt på ny plass og vil ta i bruk dei same virkemidla på alle stadene. Eg ser for meg tre av fleire grunnar. Det er eit naturleg materiale. Det kan brukast både vertikalt og horisontalt. Det flyt. Og det er lett å få til å flyte over landskapet. Tre er passe fremmed og eg kjenner det er rett. Og det er materiale som er brukt i utkantane i Noreg, bl a i Vingsand frå eldre tid. Eg ser for meg samme materiale på alle strukturar, men skilnader i uttrykk kan vere mogleg.



For å oppsummere kan eg sei eg vil at "nettverket" skal kunne utforskast, hovudsakleg frå vatnet. Bryggene legg seg sannsynlegvis klistra ned til vatnet, medan ein annan struktur tek seg av

oppmerksomheten og speiding til neste struktur. Den kan også vise
retning mot hola og buldrefeltet som finst i området.



06:40
10th SEP 2013







Skisser konsept.

Fake bebudde stein er kanskje noko av det første konseptet ein tenker på i eit landskap så prega av det. Dette synast eg blir heilt feil her. Det bør vere noko anna, det bør gli inn i landskapet på ein anna måte enn kamuflasje. Det skal jo vere synleg! Eg ser for meg ein lettare konstruksjon.

Eg prøver ståande hytter bunde saman med ein slags sti over steinane. Eg likar det bedre, men trur ikkje eg treng høge konstruksjonar for å få plass eller oppmerksamheit. Eg er tross alt på ei høgde. Eg kan heller legge meg lenger ut på klippa.

Eg prøver meg med ein sti som ligg rett over steinane og ender over kanten av klippa. Eit enkelt konsept. Eg likar den horisontale strukturen som ligg og leikar med den vertikale klippa. Og at den då blir såpass synleg frå Vingsand. Men strukturen er voldsom.

Eg prøver å gjere han mindre voldsom ved å kutte opp og legge programmet nedover mot bakken. Tja. korleis komme seg ned dit? Eg vil passe meg for å gjere ting komplisera, men no har eg nokre utgangspunkt å jobbe med i plan og modell.



09:58
9th SEP 2013

Mindre

Brygga og taket er gjort mindre, og eg har lagt til ein slipp som ein kan skli ut frå, med ein utsikkar som tek imot den verste sjøen som kjem

inn. Ein kan og legge inntil med båt på den djupaste sida.

← *Back*

PAGE 10 OF 12

More →

Powered by **Tumblr**

bulder


kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)

[random post](#)

[subscribe](#)



09:44
9th SEP 2013

image: [download](#)

I dag har eg gjort litt oversiktsarbeid. Satt arbeidet eg gjorde forrige veke inn i stor målestokk, tatt vekk nokon inngrep og lagt til andre. Eg har funne ut at der det er greit å ta seg inn på strand er det ikkje så nødvendig å ha brygge. Og nokre av buldreplassane er eg mindre sikre på om andre. Dette vil eg rydde opp i i helga då eg sannsynlegvis reiser til Osen for bl a å intervju Torstein Eide, mannen som oppdaga buldreeldoradoet.

Forrige veke skreiv eg om kva eg vil, og prøvde å finne ut for meg sjølv kva eg eigentleg driv med og om eg er på riktig veg. Tankar som “detta blir dyrt” og “kanskje litt vel stor brygge det her” og “Å sannsynlig er det å få te detta her” sneik på og prøvde å ta hovudrolla. For dette kunne ha vore ei oppgåve innafor mange andre fagfelt med ulike

innfallsviklar, men for meg bør hovudrolla heilt fram til jul vere god arkitektur. Sjølvsagt er birolla viktig i ein god film, men gjennomføringssannsynlighet bør forbli ei birolle og spele opp mot hovudrolla. Metaforer til å bli sliten av der altså, men eg har i alle fall funne ut for no kva eg vil! Eit fleksibelt konsept blir gjerne meir virkelighetsnært sjølv om det illustrasjonar blir visjonært og stort. Denne veka vil eg skisse meir på dei resterande tomtene eg har sett meg ut som dei viktigaste. Byrjar med Hallvika(biletet).

07:37
6th SEP 2013



Øverst: Det enkle er ofte det beste. Men blir det for enkelt? Om ein verkeleg vil satse på aktivitet og turisme, Om ein vil ha folk ut og til kommunene, trur eg ein kan bruke arkitektur. Skape spennande situasjonar mellom konstruksjon og natur. Det held kanskje med ein

enkel platting som smyg seg ut i vatnet. Ein kjem opp med kajakk, men det blir ikkje noko spennande og gjer til at ein vil til neste brygge rundt neste nes berre for brygga.

Nederst: For slik bør det bli. Attraksjonane, altså holene, er kule, men eg vil at det skal bli spennande konstruksjonar som ligg spreidt i landskapet. At dei tilfører ein verdi til opplevingane. Dei gjer til at ein kan spise, sove og gå plassar ein ikkje kunne før. Og dei hedrar området ved å vere noko meir enn det lille som MÅ til.

Kva vil eg?

07:19

Tenk stort, sats, køyr på.
Ha det gøy, eksperimenter.

Eller tenk realiserbart, gjer det mogleg, gjer noe som er der frå før endå betre?

Det beste er utvilsomt, i den situasjonen eg er i nå, å gjøre det første først. Ha det gøy, ikkje tenk så mykje. La prosjektet utvikle seg sjølv. Men eg kan ikkje hjelpe for at eg tenkjer lenger fram no og då. Kva vil eg? Eit viktig spørsmål som eg trur er viktig å spørje seg frå tid til anna. Vil eg ha dei besökjande til Osen inn i husa med dei gamle, interaksjon og kommunikasjon mellom unge og gamle, besökjande og fastbuande? Vil eg legge brygger der det allikevel trengs, som allikevel blir bruka av dei lokale, av nytteårsaker? Ein god idé kunne ha vore å tegna og utbedra dei eksisterande bryggene, dei som er privat eigd.

Gjort dei private bitane til eit nettverk av brygger og leirplassar som er med å skape aktivitet og vekst i kommunen. Men er dette arkitektur? Og er det mi oppgåve?

Ja, det er definitivt arkitektur. Men mi oppgåve, nei ikkje sikkert. Dette blir nok meir ei agerande oppgåve om ein kan kalla det det. Og tverrfagleg. Det hadde vore moro å reist dit og gjort ein workshop, i heile haust eigentleg. Men eg har på følelsen at eg må velge. Enten noko slikt, og det tek nok mykje meir tid og krefter enn ein trur. Så kva vil eg?


Eg vil sjå på kva som kan få folk i aktivitet på små plassar, og med dette både setje fart på turistnæringa, og snu fråflytting. Då trur eg det må satsast på det som allereie er stort potensiale for, men samtidig kan det vere lurt å gjere denne satsinga realistisk ved å gjere det mogleg å satse gradvis. Fleire mindre strukturar er derfor ønskeleg. For Vingsand er det naturleg å legge til brygger for å gjere området tilgjengeleg, og samtidig leggje til rette for aktivitet i form av kajakkpadling. Eg vil og sjå på moglegheit for å tydeleggjere kvar holer og bulder og andre spennande attraksjonar finst ved hjelp av arkitektur. Dette vil eg knytte til sentrum ved å anlegge eit rådhus midt i sentrum. Her kan du både som lokal og besøkjande finne info, møte andre folk, og det kan haldast arrangementer.

Denne bloggen skal hjelpe meg å klarne tankar og gjere beslutningar. Takk, bloggen.

og eg trur det har mykje **jus i seg som kan skvisast ut**. Eg skissa så vidt på ein holesituasjon på slutten i dag, og byrja å tenkje på kva som trengs. Kva vil eg? Eg vil først og fremst få dei tilgjengelege. Og då er det aller viktigaste i alle fall for Hallvikholia, ei brygge. Om det er der frå før er uvisst. Eg skulle egentleg nå til helga, men utsett til neste, då eg har tilgang på lasermålar og hytte. Tenkjer å skisse på hallvika veka etter det, så eg har ikkje heilt bestemt meg ennå om kva for område eg tek for meg neste veke. Kanskje mest naturleg med Vingsand sentrum?

11:04
4th SEP 2013

image: [download](#)




Endelig fått ut kart fra gis til illustratorfil med 1meterskoter og som er redigerbart. Ganske mykje bedre å tegne digitalt over, ettersom eg bare har hatt enten 5koters .ai eller jpeg som ikkje er i målestokk eller redigerbart.

Biletet over er frå Styrvika i hopen der eg tenkjer meg kajakkbrygge og leirplass.

08:06





Leirplass


det er onsdag og leirplassskisse��elldag. Eg synast oppe på toppen av klippa, rett over brygga, er ein spennande plass for å tilbringe natta. Her brukar eg same reglar som nede på brygga for å trekke eit tydeleg band mellom dei to. Leirplassen stikk utafor kanten, noko eg trur kan gje fine opplevingar. Det er fint å stå på klippa, men endå meir spesielt er det å kome ut forbi.

Innover tenkjer eg hengekøyer, bålpass, toalett og dusj(?).

10:39
3rd SEP 2013

image: [download](#)





Skissemodellering i Hopen

Skisse i modell er moro. Dette er eit av forslaga eg kom fram til i dag, og det eg lika best. Eg la frå meg strenge konsept og konsentrera meg om regler. Sjølve brygga tek inspirasjon frå holene i områdene, og kajakkhavna er “gravd” ut fra brygga. Ein kan og sjå på det som ei kote, der kajakkane legg til inni hola. Vi hopper over eit par meter og neste kote legg seg som tak over dei opplagra kajakkene og andre fasilitetar.

Eit lite bad midt på brygga er også med.

10:33


image: [download](#)



Har bygd ut modell av ei hole i same modell som Hopen-området i dag. I denne er planen å gjere lys- pg skala-studier. 1:20 på biletet. Hola skal og modifiserast, sannsynlegvis med sparkel og tilpassast slik at ho blir lik Dronninghola på Strand i Osen kommune.

09:30

image: [download](#)



Konsept og Regler

Skisser fra i går og i dag. Eg likar å skisse fritt, snuble over gode løysingar. Det gjeld å vere open for alt når ein leikar seg, men når ein

kjem over noko som sitt prøve å finne ut kvifor nettopp dette var bra.

Eg prøver å finne eit konsept, men lurar på om det er betre med reglar. Samme vinklar, modular, samme former som kan brukast i forskjellige settingar.

Eg synast det har vore moro før å jobba med eit sterkt og tydeleg konsept. Det kan gje løysingar på det meste om konseptet er godt: enkelt og fleksibelt. Men konspet kan vere skummelt. Det kan gje begrensningar og kan vere betre i meir abstrakte prosjekt.

I brygga tenkjer eg å nytte tre. Tre har mange kvalitetar som og kunne passa til overnatting og til ein paviljong i Vingsand. Det er mjukt, norsk, billig, lett å transportere og setje saman og ikkje minst: konstruksjonar av tre kan flyttast eller rivast etter eitt eller hundre år utan å etterlate seg sår i terrenget.

Eg set opp tre som min første regel.

08:21



image: [download](#)

arkinatur

Illustrasjonen er frå eit kurs eg hadde i fjor vår. Eg valde tomt i sanddynene på Jæren, og eg måtte ta stilling til om eg skulle legge meg permanent ned i sanda med tunge konstruksjonar eller over sanda med ein lett konstruksjon. Eg valde eit tredje alternativ. Skrog i metall vart sett/gravd ned i sanda, og med tidas tann/sand vart skroget delvis dekt over av sand og teke over av naturen. Dette er ei løysing eg og kunne brukt i prosjektet i Osen.

08:15

image: [download](#)



Inngrep

Når eg startar i 1:100 må eg ta stilling til andre, meir detaljerte problem enn i 1:1000. Eg kjem til inngrep og kva arkitektur gjer med landskap. Jensen og Skodvin sitt velkjende juvhotell er ikkje redd for å ta plass i landskapet, samtidig som det svevar lett over grunnen og ikkje set frå seg nevneverdige spor i landskapet om det skulle fjernast om 100 år.

07:07
2nd SEP 2013

image: [download](#)



veke 36.

Forrige veke var oversikt og jobb med heilhet. Dette vil eg jobbe mykje meir med, men eg vil fort ned i skala. Ein kan halde på med 1:5000 eit halvår, men ein kjem lenger og det er mykje artigare å gå opp og ned i skala.

Denne veka blir det 1:100 som er tingen. Eg ser føre meg å gjere inngrepene i Hopen. Grunneigerar og buldrerar er einige om at dette er det beste området å legge ein evt leirplass. Eg har valt ei vik som kan vere fin å legge inntil med kajakk. Vika er langt frå anna bebygging, og rett ned for buldrefelt og hola.

I slutten av forrige veke gjorde eg klar ein modell av området i 1:100.

Sparkelet tørka i helga og er klar til bruk!

I dag har eg skissa i 1:100 i det samme området, og har fått tankane i gang til korleis eg kan starte i modellen i morgo. Dette blir artige dagar!



10:10

29th AUG 2013

image: [download](#)

Eg kom til å tenkje på å gjere ein liten workshop. Sesongen er stort sett heile året, og i all slags vær med tanke på buldring i holer. Men det blir mørkt tidleg utover hausten.

Derfor kom eg til å tenkje på å lyssetje ei hole og prøve å buldre i ho neste gong eg er der oppe. I sommar hadde dette lite for seg sida det

var lyst heile døgnet..

Eg har fått tak i aggregat, og eg vil gjere ein innsats for å få lånt lamper. Ellers kunne det ha funka med faklar, noko som kunne ha vore vel så kult!

10:01

Innsidemannen

Torstein Eide, framsidemann på Klatring #99 og Vingsand-entusiast. Anja Hepsø, ansvarleg for turistinfo i Osen. Dei to planlegg eit samarbeid med grunneigerane i Vingsand for å få til leirplass og ein buldrevennleg kommune. Eg tok kontakt med Torstein denne veka for å gjere meg meir kjend med buldrefelt og kva fasilitetar han kan tenkje seg.

Det viste seg at han hadde mange dei same tankane omkring utviklinga som meg, og tilbøy seg å låne ut både båt og leilighet neste gong eg var i området. Herleg!

Neste veke er han i Trondheim. Då skal idear utvekslast.

09:19

image: [download](#)



I dag byrja eg på ein arbeidsmodell i 1:100. Eg vil hive meg uti og prosjektere med form og materialer. Planen er at dette vil gje noko tilbake til større skala. Området eg har valt er ved hopen, mellom vegen og vatnet. Her ser eg føre meg ei brygge for båt og kajakk, mogleg overnatting og evt andre fasilitetar som enkelt kjøkken, dusj og do, og sauna.

Rett ovanfor vegen ligg eit av dei mest populære buldrefelta, og ei hole med ei sjakt ut i friluft inst i hola.

[*← Back*](#)

PAGE 11 OF 12

[*More →*](#)


Powered by **Tumblr**

bulder

kan ein bruke arkitektur for å få folk i aktivitet, og med dette snu fråflytting i distrikta?

Search...

[archive](#)
[random post](#)
[subscribe](#)



09:13
29th AUG 2013

image: [download](#)

Denne veka har eg jobba med oversikt og heilhet. Som nemnt før ligg buldrefelt og holer nærmere sjøen, og ikkje alltid lett tilgjengeleg med bil. Der vegen ikkje går vil eg leggje til brygger som passer å legge inntil med båt og kajakk. Eg vil og legge til brygger der det er veg, for å gjøre det til eit nettverk på vatnet. Slik kan folk i båt og kajakk utforske holer og det som ellers er å sjå.

Eg har kartlagt kvar det er interessante bulder, holer og meir, og har lagt til felt der eg vil gjøre inngrepen. Ikkje alle desse inngrepna vil eg gjøre i detalj, men eg vel meg ut nokon av dei mest interessante.

08:36
26th AUG 2013

image: download

SITRENDE HØST: BULDRING PÅ VINGSAND - KLASSIKEREN PÅ GULLKNAUSEN - KLATREBØKER

Klatring #99

SKANDINAVIAS STØRSTE KLATREBLAD - AV KLATRERE - FOR KLATRERE!

TESTET

- Crux AK47 sekk
- Rock Pillars Diamond
- TotemCams

BJARTE BØ

Vi intervjuer mannen som har klatret Trango, Trollveggen, Mongejura uten tau, laget romsdalsfører og nå hopper ned de fleste veggene i dalen.

KLATRING SVART PÅ HVITT

Et utvalg vertikale lærebøker

BRAGD I TROLLVEGGEN

Arch Wall fribesteget

FRAULEIN

Norges tredje 8c

NALLE HUKKATAIVAL

Verdensstjerne
på besøk

VINGSAND

Et av Europas flotteste buldrefelter ligger midt i Norge.
Opplev stedet som tar buldringen inn i en ny tidsalder.

REFURBUKE 46 INTERPRESS NORGE 05
9 771503 592002

Min klubb: Tromsø KK | Historien om sikringsmidlene | Forebygg bicepsskader
Klatreforbundet | Midtbø om Veko | Araber flukk-flakk | Nytt på Blåmann

I Klatring #99 skrivast det varmt om Vingsand. Dette er ikkje veldig overraskande, men på nettsida til klatring var Vingsand på ei eksklusiv liste over verdas beste buldre-destinasjonar.

Eg er overraska over korleis dei vurderer værstabilitet og klima, med score på heile 5 av 6! Og sesongen varer heile året, med primært haust, sommar og vår. Då eg var der i juni var det fantastisk vær, men eg såg ikkje for meg at det var stabilt og greit utover hausten. Herleg! Og så har vi sjølv sagt holene da, som ein kan klatre i når det regnar ute og vanlege buldrefelt blir umoglege.

Fleire ting eg beit meg merke i var at det ikkje var oppført nokon førar for området, ein som kan fortelle kvar det er fint å buldre, kva for vanskelegheitsgrad, og korleis ein kjem seg dit. Dette trur eg kan løysast med arkitektur. At tettheten er liten synast eg er heilt greitt, spesielt når naturen er så fin. Då blir det meir naturleg å ta seg rundt og sjå mange plassar, og kanskje også overnatte på fleire ulike plassar med forskjellige kvalitetar.

Fosen: 5

Trøndernes halvøy Fosen, med feltene Harbak og Vingsand er antagelig Norges beste buldredestinasjon. Stikkord er rorbu, fantastisk natur, utsikt, stabilt vær og veldig, veldig bra buldring, mye av den bratteste typen. På Harbak er konsentrasjonen stor, på Vingsand bør du ha med kjentmann for å finne fram.

Natur: 6

Klatring: 6

Størrelse: 3

Tetthet: 3

Fasiliteter: 4

Værstabilitet: 5

Klima: 5

Kostnadsnivå: 3

Antall buldere: ca 400

Potensiale: Stort

Sesong: Hele året, primært vår, sommer og høst

Fører: Buldring på Harbak (Eivind Wang). For Vingsand finnes ingen fører.

<http://www.norsk-klatring.no/Ute/Buldring/Verdens-bestebuldredestinasjoner>

06:25
23rd AUG 2013

image: [download](#)



Overnatting.


Eg har bestemt meg for å sjå kva for overnatting eg kan få til ute i naturen, og vurderer fleire plassar med kvar sine kvalitetar. Det blir viktig å linke dette til sentrum. Men å bygge meir i sentrum kan vere uhensiktsmessig fordi det allereie byrjar å bli tomme hus der. Då eg snakka med rådmannen meinte han at det ikkje var noko som stod tomt, men det brukast av gamle folk og/eller fritidsbustad.

Eg kom til å tenkje på at ein husa i sentrum(og ellers i kommunen) kunne ha tilbudt ein slags bed&breakfast. Dette ville gjort husa meir livlege, noko business rett til folket, og meir kontakt mellom lokal og turist.

Dette ville ha vore "luksus"-alternativet, medan det meir sparsommelege kunne ha vore ute i naturen, i enkle konstruksjonar. Neste uke vil eg sjå på første overnattingsplass, med tilhøyrande kayakbrygge og buldrefelt.

10:01
20th AUG 2013

image: [download](#)



Holene og buldringa rundt Vingsand er verdskjende, men både Tone Engan i idrettslaget og Hepsø som turistvert kunne fortele om ei gryande interesse for kayak. Dei meinte det er spesielt bra å padle her grunna god skjerming frå skjæra, bl a Buholmråsa. Her finst også grunnmuren av det som var Nord-Europas høgaste fyr. Dette tek meg

med til neste punkt. Alle holene og det som ellers er å sjå ligg veldig nær vatnet, og det hadde derfor vore morosamt å brukt potensiala til å forsterke kvarandre. Eit nettverk på vatnet som bind saman holer og bulder.

Kven kjem eigentleg til Osen?

07:23
19th AUG 2013

I dag kom eg til å tenkje på brukargrupper. hovudsakleg kan eg sjå for meg klatreturistar 20-40 år med lite kjøpekraft, og kanskje bedrifter som treng ein aktivitet som base for team building. Desse har høg kjøpekraft.

Desse to grupperringane poppar med ein gong opp når ein tenkjer Noreg+natur+aktivitet som ikkje er heilt risikofri. Men eg trur dette er ei utdatert kalkulering. Birkeneffekten. Suksessfulle herrer i næringslivet streber etter å ha best mulig tid i sporet, men og gjerne kasta seg utfor den bratteste klippa i paragliding eller den høgaste fossen i elvepadling. Evt å klatre i ei verdkjend hole nord på Fosen. Men eg trur dette gjeld mykje breiare i den norske befolkninga enn berre direktørar og aksjemeglerar. Folk i Noreg tjener bra jamnt over, og dei er villige til å bruke dette på reise og opplevingar. Dess meir eksotisk, dess betre. Og nett no er Osen 10 gonger meir eksotisk enn Barcelona!

Heile 80 prosent av distriktskommunane her i landet arbeider aktivt for å trekke til seg nye innbyggjarar, men få lykkast. Dei som arbeider

målretta mot utvalde grupper har best resultat, viser ei fersk undersøking gjort av Distriktsenteret. Dette trur eg kan ha samanheng med at det då blir satsa på det som det allereie finst godt potensiale av på staden.

<http://distriktsenteret.no/2013/06/tilflytting-for-enhver-pris/>



08:59
16th AUG 2013

image: [download](#)

Fikk kart av teknisk etat i Osen, som etter litt om og men og arcgis hamna i illustrator. No er det strake vegen!

08:58

image: [download](#)



Kom over dette prosjektet på archdaily i dag. Eit 20km langt grottesystem av kalkstein i Slovenia. Ein svær hall er lagt til rette for konserter, med tilhøyrande pavilion for kunst og postkontor(!). Eit fint prosjekt gjort av Studio Stratum, og ei bruksløysing som er veldig interessant.

Holene i Osen har godt potensiale til å brukast, men ei stor utfordring for meg blir å finne ut kor mykje eg skal tilpasse dei einskilde holene. For meg blir det feil å gjere som i Slovenia, med å legge betonggolv over det heile. Eg vil at holene skal behalde si naturlege form, og

samtidig gjere det tilgjengeleg for fleire slags bruk og fleire slags folk.
Dette blir ei stor, om ikkje den største utfordringa for meg.

<http://www.archdaily.com/218742/exhibition-and-retail-pavillion-in-the-concert-hall-in-the-postojna-cave-studio-stratum/>

08:57

*Det finst definativt liknande veggar og huler i Europa av kalkstein, men i
granitt, eller kva no dette er, har eg aldri sett på maken. Spesielt noko
som er så bratt og som samstundes har så mange grep. Hard stein
brukar å vere glatt. Her kan du klatre overalt.*

- Adam Ondra, verdas beste klatrar om holene på
trøndelagskysten. D2 9.aug

07:51

image: [download](#)



kom over D2 for laurdagen som var. Her skrivast det om holer på
trøndelagskysten, og verdas beste klatrar Adam Ondra sin fascinasjon
over dei.

Eg nemnte Ondra i forarbeidet, og eg brukar eit bilet av han der han
heng i taket på Halvikhola. Halvikhola er i Osen kommune, medan
saken i D2 er frå Hanshelleren i Flatanger kommune og Nord-
trøndelag fylke. Saken handlar om kva for potensiale klattring kan vere
for kommunen. Ondra frå Tsjekkia er den første i verda til å gå ei
klatrerute av vanskelegsgraden 9b+. Det var i hola i Flatanger.

Det er ikkje tvil om at det finst mengder av potensiale i både Osen og Flatanger. Då eg las saka byrja eg å diskutere med meg sjølv.

-dette er dårlig nytt for Osen og Vingsand!

Men det er då ikkje det. Meir enn nokon gong er det snakk om kommunesamanslåing og fråflytting. Kanskje kan dette legge til grunn for eit fruktbart samarbeid? På tvers av fylkesgrenser til og med!

Dette er veldig interessant, men om det er noko eg vel å bruke er usikkert. Kunne det vere interessant å gape over enda meir, eit inter-fylkes og -kommunalt samarbeid om å få til ein klatredestinasjon i verdstoppen? Evt å innlemme berre éin funksjon i nabokommunen som ei slags byrjing?

Kanskje det kan naturlig gro inn i oppgåva etter kvart, men for no hell eg mot at det blir for mykje. Denne situasjonen kjem eg til å snuble over frå tid til annan i haust, ei interessant vinkling dukkar opp og eg må ta valet om å ta hensyn til dette eller halde fram med det eg har. Eg vel å ikkje ta hensyn til akkurat denne med det første.

06:48
13th AUG 2013

image: [download](#)



Har ordna meg blogg OG plass på KiT! Detta blir bra!

Eg tenkjer at blogg er ein veldig bra måte for meg å strukturere meg på. Det blir veldig synleg kva eg gjer, og alt kjem kronologisk. Det blir lett å sjå kva ein hadde når, og drøftinga blir svart på kvitt! På denne måten kan eg sjå kvifor eg tok dei valga som eg etterpå må forhalde meg til, og slepp å diskutere desse på nytt med meg sjølv.

Hei bloggen!

[*← Back*](#)

PAGE 12 OF 12

Powered by **Tumblr**